

ÅRSRAPPORT 2012

MØRE BISKOP
MØRE BISPEDØMERÅD



Bilete på framsida:
Dans som innslag i gudsteneste i fjøresteinane på Flø i Ulsteinvik
Del av Stiftsdag med 220 kyrkjetilsette i Møre bispedøme i juni 2012
Foto: Per Inge Haugen

INNHOLD

Årsrapport del 1

SITUASJONEN I MØRE BISPEDØME

- Tilstandsvurdering, strategiar og utfordringar	6
--	---

Årsrapport del 2

KYRKJELEG ARBEID

2.1 Gudstenesteliv og kyrkjemusikk	11
2.2 Trusopplæring	14
2.3 Diakoni	17
2.4 Kultur	22
2.5 Misjon og økumenikk	25
2.6 Organisering og forvalting	28
2.7 Lokalt forsøks- og utviklingsarbeid	30
2.8 IKT	33
2.9 Demokratiutvikling	34

Årsrapport del 3

PRESTETENESTA

3.1 Prestedekning og rekruttering	37
3.2 Organisering og leiing av prestetenesta	42
3.3 Arbeidsvilkår og kompetanseutvikling	47
3.4 Kjønnsfordeling i presteskapet	50

Årsrapport del 4

MØRE I 2012 – FRIDYKK I TRE TEMA

4.1 Samfunnstryggleik og beredskapsarbeid	54
4.2 Trusopplæringsreform og gudstenestereform	56
4.3 Prestetenesta – ei undersøkjing av arbeidsmiljø	60

Årsrapport del 5

GJENNOMGÅANDE KRAV

5.1 Rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne	64
5.2 Auke tal lærlingar i statsforvaltinga	64
5.3 Vidarebruk av offentlege data	64
5.4 Geografisk fordeling av statlege arbeidsplassar	65
5.5 Likestilling	65
5.6 Evalueringar	69
5.7 Etiske retningsliner og risiko for misleghald	69
5.8 Samisk språk	69
5.9 Oppfølging av revisjonsmessige tilhøve	69
5.10 Risikoanalyser	70

Årsrapport del 6

VEDLEGG

6.1 Biskopens tenestefunksjonar	74
6.2 Personendringar i presteskapet	76
6.3 Personendringar ved bispedømekontoret	77
6.4 Bispedømerådsmøte	77
6.5 Medlemmer av Møre bispedømeråd, utval m.m.	77
6.6 Forvaltningssaker etter Kyrkjelova og Gravferdslova	79
6.7 Tilskotsforvaltning	80
6.8 Rekneskapssamandrag kap 1590 og 1591	82

Årsrapport del 1

SITUASJONEN I MØRE BISPEDØME

- **EI TILSTANDSVURDERING**



Kongen og bispen, Romsdal

Foto: Bjørn Olaf Storhaug

MÅL	"Den norske kirke skal være en landsdekkende, lokalt forankret kirke, som inviterer mennesker i alle aldre og livssituasjoner til tro og fellesskap. Kirken skal bidra til å styrke lokalsamfunn, målbære menneskeverdet og utfordre til solidaritet. Bevilgningene under kapitlet skal understøtte Kirkemøtets mål for Den norske kirke som en bekjennende, misjonerende, tjenende og åpen folkekirke." (FAD)
STYRINGS-PARAMETER	- Oppslutninga om Den norske kyrkja i Møre
RESULTAT-INDIKATORAR	- Medlemstal - Oppslutning om kyrkelege handlingar

1.1 Tilstandsvurdering, strategiar og utfordringar

Vi har ein draum om at vi i september 2013 kan presentere Møre bispedøme som ein vital 30-åring med stor livsglede, - at bispedømet som vart etablert for 30 år sidan, tenker langsigtig og er godt i gang med å byggje for framtida.

Vi har ein draum om at «folkekyrkja» i Møre kan stå fram som ei tydeleg kyrkje, og vi bed om medarbeidarar og kyrkjelydar som er trygge og tydelege i sin bodskap. Trygge og tydelege i ord og handling på det som er kjernen i trua vår!

Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Rapporteringa er forankra i desse ved at dei blir attgjevne innleiingsvis under kvart avsnitt der det er relevant. Visjonsdokumentet for Møre bispedøme ligg også til grunn.

Kyrkja i Møre står sterkt – kristentrua enda sterkare.

Møre bispedøme er geografisk samanfallande med Møre og Romsdal fylke og har 256 000 innbyggjarar. Ålesund, Molde og Kristiansund er dei største byane, med til saman om lag 95 000 innbyggjarar. Volda/Ørsta og Herøy/Hareid/Ulstein er av dei større bygdebyane med om lag 40 000 innbyggjarar. Folketalet i Møre og Romsdal har auka med 6 % dei siste 20 åra. Ei middels folketalsutvikling dei neste 20 åra vil gje eit folketal på nærmere 300 000 innbyggjarar i fylket, eller ein vekst på 20 %.

Tabell 1.1.1: Utvikling av medlemstal i Den norske kyrkja i Møre bispedøme

	Medl 2008	Medl %	Medl 2011	Medl% %	Medlem 08-11	Endring medl %
Møre	220 913	88,8 %	218 562	85,2 %	- 2 351	-3,7
Alle bispedøme	3 874 823	80,7 %	3 832 679	76,9 %	- 42 144	- 3,9

Møre er mellom dei bispedøma der delen av innbyggjarar som er medlemmer av Den norske kyrkja er høgast. 85,2 % er kyrkjemedlemmer i Møre mot 76,9 % i snitt for dei andre bispedøma. Det har vore ein reduksjon i medlemstalet på 3,7 % sidan 2008. Av dei 14,8 %

som ikkje er medlemmer av Den norske kyrkja, er mange medlemmer av andre kristne trussamfunn og frikyrkjelege fellesskap.

Møre fekk tidleg eit «kristent stempel» på seg. Det skjedde lenge før bispesetet vart lagt til Molde, ja endå til Bjørgvin eller Nidaros. Kulisteinen på Smøla er rekna som eit av dei tidlegaste skriftlege teikna på kristendomens innpass i landet vårt: ”Tolv vintrar hadde kristendomen vore i Noreg”. I Møre står kristentrua framleis sterkt og det innverkar på Den norske kyrkja sin plass for den einskilde og i lokalsamfunna.

Tabell 1.1.2: Utvikling av kyrkjelege handlingar i Møre bispedøme

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dåp	2 810	2 688	2 845	2 829	2 751	2 621	2 585	2 566
Konfirmanter	2 859	2 970	2 861	2 901	2 811	2 848	3 006	2 822
Vigsel	613	587	666	661	648	605	502	528
Gravferd	2 078	2 207	2 370	2 349	2 301	2 248	2 202	2 185

- Talet på døypte i Møre varierer over tid, men med ein svak nedgåande trend. Framleis ligg andelen dåp på 90 %, mot 66 % i landet elles.
- Talet på konfirmanter har vore høgt og ligg framleis høgt etter ei nedgang i byrjinga av 2000-talet. 83,8 % av 15-åringene i Møre vart konfirmerte i 2011, ein auke samanlikna med både 2009 og 2010.
- Talet på vigde i Den norske kyrkja har over tid vist ein nedgang, men framleis er Møre blant dei bispedøma der flest vel kyrkjeleg vigsel. Over tid har alternative vigselsformer blitt utvikla i andre trus- og livssynssamfunn, men det skjer og vigsel i andre bispedøme eller i utlandet.
- 99 % av alle gravferder i Møre skjer i Den norske kyrkja mot 92 % i heile landet.

Desse tala viser at innbyggjarane i Møre er knytte til kyrkja i møte med livsritene.

Tabell 1.1.3: Utvikling av gudstenestetal og gudstenestedeltakarar i Møre bispedøme

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Gudstenester søn/hel	3 328	3 470	3 380	3 401	3350	3 219	3215	3 191
Deltakarar søn/hel	392 802	388 435	376 166	360 920	357 704	344 499	356 446	342 855
Snitt pr gudstj søn/hel	118	111,9	111,3	106,1	106,8	107	110,9	107,4
Gudsten. utanom søn/hel	758	752	774	717	735	714	723	730
Delt. utanom søn/hel	75 670	71 225	80 238	69 406	79 905	72 033	73 980	76 648
Snitt pr gudstj	99,8	94,7	103,7	96,8	108,7	100,9	102,3	105

Talet på gudstenester på søn- og helgedagar i Møre har gått ned med om lag 200 og er stabilisert på om lag 3200 gudstenester. 730 gudstenester vart i 2012 haldne utanom søn- og helgedagar. Ut frå presteressursane i Møre er det forordna om lag 3800 gudstenester, både på søn- og helgedagar og på kvardagar. Det blir berre halde om lag 100 gudstenester utover dei som er forordna. Dette har dels si årsak i reduserte presteressursar, men også at den enkelte kyrkjelyd i liten grad har ressursar til å gjennomføre andre gudstenester enn dei som er forordna.

Talet på gudstenestedeltakarar pr gudsteneste er stabilt, med nokre variasjonar i ein skilde prosti. Når talet på gudstenester går ned, går også det totale deltakartalet ned. Statistikken kan tyde på at folk går til gudsteneste når ho blir halden, men det kjem ikkje fleire folk om det er færre gudstenester.

Tabell 1.1.4: Utvikling i tal gudstenester med nattverd og nattverddeltaking

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Gudstenester m/nattverd	1 558	1 628	1 579	1 593	1 675	1 751	1 804	1 910
Nattverddeltakarar	64 038	63 860	63 237	60 413	64 417	66 646	71 856	75 576
Snitt pr gudsteneste	41,1	39,2	40	37,9	38,5	38,1	39,8	39,6

Talet på gudstenester med nattverd har auka med om lag 300 dei seinare åra. 38 % av alle gudstenester var i 2005 med nattverd. I 2012 er dette auka til 48,5 %. Tal nattverddeltakarar pr gudsteneste er stabilt. Bakgrunnstala våre seier at auken i hovudsak kjem i prosti der det tradisjonelt har vore få gudstenester med nattverd. Vi meiner årsaka delvis kan knytast til arbeidet for å gjere terskelen til nattverd lågare.

Tabell 1.1.5: Gjennomsnitt og variasjonsbredde for nokre variablar i 2012

	Snitt	Soknet med færrest	Soknet med flest
Medlemmer pr sokn	2 253	73	17 916
Gudstenester søn/helgedag pr sokn	33	7	114
Snitt tal til gudsteneste søn/helgedag	107	22	224
Kor mange gonger kvar medlem er til gudsteneste kvart år	1,6	0,6	7,6
Nattverdgudstenester	19,7	4	80
Snitt tal til nattverd	39,5	7,4	116
Dåp pr sokn	26,5	0	141
Konfirmantar pr sokn	29,1	0	271
Vigsel pr sokn	5,4	0	43
Gravferd pr sokn	22,5	1	131

I Møre bispedøme er variasjonane mellom sokna store – som tabellen over viser. I fordeling av ressursar er det ein føresetnad at like tilhøve blir vurderte likt. Med dei store variasjonane i tilhøva i bispedømet er det ei utfordring å vurdere faktorar for ressurstildeling objektivt og rett. Avgjerd om fordeling av ressursar er til sist eit politisk spørsmål innanfor knappe økonomiske og menneskelege rammer. Innanfor den ressursramma som blir Møre til del, meiner vi at Møre bispedøme bidrar til at Den norske kyrkja når hovudmålet om å vere ei landsdekkande, lokalt forankra kyrkje.

2012 blei prega av målretta arbeid med store saker. Nokre saker vart sluttførte, andre la grunnlag for arbeidet i året og åra som kjem. Vi nemner rekruttering av prestar, utvikling av modell for fordeling av presteressursar, rundskriv knytt til forvalting av midlar til diakoni- og undervisningsstillingar, stiftsdagar for alle kyrklelege tilsette, arbeidet med gudstenestereforma, arbeidet med refleksjon om ny kyrklegeordning og arbeidsmiljøundersøking for alle kyrklelege tilsette.

Visjonen for Møre bispedøme er: «I Kristus – nær livet. - Rause fellesskap som utfordrar til tru og teneste gjennom gudsteneste, kyrkjemusikk og kultur, misjon, diakoni og trusoplæring.” Gjennom alt dette blir kyrkja styrkt som ei tydeleg folkekirkje.

Å gi barn og unge trygg identitet handlar og om å bli bevisst sitt eige verdigrunnlag. Når vi er trygge på eigen identitet og eigen ståstad, er det ikkje truande å møte andre med ein annan identitet eller ein annan ståstad . I ei tid der verdssamfunnet er i rask endring og religiøse argument blir misbrukte som grunnlag for vald, er det avgjerande at barn og unge kan møte omverda med trygg kunnskap og at vi alle møter kvarandre med respekt, slik Hans Majestet Kongen også minte oss om i sin nyttårstale. Difor er trusoplæringsreforma viktig.

Det å vere kyrkje (*kyriaké*) inneber reint språkleg å høyre til eller vere del av eit fellesskap. Fellesskap med Gud og kvarandre. Dette fellesskapet blir synleg i kyrkja og i kyrkjelyden. Fellesskapet startar med dåpen og i gudstenesta, det store fellesskapet på tvers av generasjonar og andre skiljelinjer i det daglege. Kyrkja er ein møteplass og ein stad for engasjement for diakoni, trusopplæring, kyrkjemusikk, kultur og misjon. Med det som utgangspunkt blir det bygd fellesskap som igjen har det store, gudstenestefeirande fellesskapet som mål. Vi ser teikn på haldnings- og åtferdsendringar.

21. mai 2012 vart Grunnlova endra. Den einaste endringa så langt for kyrkja er at Kyrkjerådet tilset biskopar og bispedømeråda tilset prostar. I det vidare må vi leite etter kva det betyr for oss som nasjon, når Grunnlova § 2 – om statsform – no lyder: «*Værdigrundlaget forbliver vor kristne og humanistiske Arv.*» Kva for verdiar skal prege samfunnet vårt? Kva vil vi hegne om og kva er umistelag? I 2014 er grunnlova 200 år, tida for ein verdidebatt er mogen.

Tida er komen for å fylle reformer med innhald og kjenne at vi som kyrkje står på trygg grunn. Det nye vi har fått, har skapt engasjement langt ut over kjernetroppane i kyrkjelydane. Vår tid treng ei folkekirkje. Med sine materielle og åndelege verdiar er kyrkja i Møre limet i mange lokalsamfunn. Kyrkja er den staden folk kan samlast til fellesskap og er ein stad å møte merkesteinane på livsvegen – i glede og sorg. Difor står kyrkja sterkt i Møre.



Årsrapport del 2

KYRKJELEG ARBEID



Foto: Møre bispedøme

2.1 Gudstenesteliv og kyrkjemusikk

MÅL	"Kirkerådet og bispedømmerådene skal legge til rette for at Kirkemøtets mål og strategier kommer til anvendelse i menighetene." KR
	<u>Frå vårt visjonsdokument:</u>
	<ul style="list-style-type: none"> - Møte Gud i bøn og forkynning, dåp og nattverd - Skape fellesskap mellom Gud og menneske til hjelp i kvardag og fest - Engasjere og involvere barn, unge og vaksne til å utvikle kristen tru og identitet
STYRINGS-PARAMETER	- Fornying av gudstenestelivet i kyrkja
RESULTAT-MÅL	- Auke gudstenestedeltakinga
RESULTAT-	- Snitt gudstenestedeltaking på søn- og helgedagar
INDIKATORAR	<ul style="list-style-type: none"> - Nattverddeltaking - Tal lokale ordningar godkjende av biskopen

a) Tiltak som er valde for å nå måla

I Møre bispedøme vert det invitert til gudstenester i alle sokn etter nyrevidert *gudsteneste-forordning*. Vi har arbeidd grundig med dei lokale *grunnordningane for gudstenesta*. Biskopen har oppmoda til å arbeide med *nattverdfeiringa* slik at ho kan vere inkluderande. Det er vår visjon at auka engasjement og involvering av barn, unge og vaksne skal auke gudstenestedeltakinga og styrke forankringa til lokalkyrkja.

b) Resultat som tiltaka har ført til

Gudstenestedeltaking

Tabell 2.1.1 Tal på gudstenester på søn- og helgedager og gudstenestedeltakarar 2008-2012

2008		2011		2012		2011-2012	
Gudstenester	Deltakarar	Gudstenester	Deltakarar	Gudstenester	Deltakarar	Gudstenester	Deltakarar
3 401	360 920	3 215	356 446	3 191	342 855	-24	-13 591

Tendensen for gudstenestetalet på søn- og helgedagar er framleis fallande frå 3 401 i 2008 til 3 191 i 2012. Noko av nedgangen kan skuldast nedregulering av gudstenestetal etter innføring av nye forordningstal frå 01.01.2012. I 2013 - 2014 er det forventa at gudstenestetala vil stabilisere seg når dei nye gudstenesteforordningane får festa seg. Det samla deltakartalet pr år har gått ned frå 360 920 i 2008 til 342 855 i 2012.

Tabell 2.1.2 Gjennomsnittleg tal gudstenestedeltakarar søn- og helgedagar, 2008-2012

2008	2009	2010	2011	2012	2011-2012
106,1	106,8	107	110,9	107,4	-3,4

Gjennomsnittleg gudstenestedeltaking syner ein svak auke frå 2008 til 2011, men fell igjen i 2012. Den gjennomsnittlege auken mellom 2008-2011 må vurderast i samanheng med det relativt svake fallet i deltakartal i same periode. Men når deltakartalet fell med over 13 500 i 2012 samtidig som talet på gudstenester fell med berre 24, slår det negativt ut. Det er urovekkande at dette skjer samtidig som kyrkjelydane er i ferd med å utarbeide nye lokale grunnordningar. Talmaterialet gir ingen grunn til å kople desse to tilhøva, men det er viktig å følgje nøyne med i denne utviklinga i åra som kjem.

Nattverddeltaking

Tabell 2.1.3 Tal på gudstenester med nattverd og nattverddeltakarar, 2010-2012

2010		2011		2012	
Gudst	Deltakarar	Gudst	Deltakarar	Gudst	Deltakarar
1751	66 646	1 804	71 856	1 910	75 576

KIFO sin tilstandsrapport 2012 kap.5 melder om positiv utvikling mellom gudstenesteldeltaking og nattverdgang. I Møre ser vi ein auke både i nattverdgudstenester og deltakartal.

Tabell 2.1.4 Gjennomsnittleg nattverddeltaking på sørn- og helgedagar, 2010-2012

2010	2011	2012
38,1	39,8	39,6

Utviklinga i nattverddeltaking frå 2009 held fram. Vi ser ei utflating i gjennomsnittet for 2012 grunna lågare vekst i deltakartalet enn året før. Det er framleis rimeleg at dei grunnar som ein trur påverkar denne positive utviklinga i landet elles, har innverknad i Møre òg: Aukande nattverdfrekvens og meir bruk av intinksjon, jf. KIFO 3/2011.

I biskopens brev til alle sokn i høve godkjenning av lokale grunnordningar står følgjande: «*Inkludering er viktig i nattverdfeltinga. Gudstenesta er for alle, ho er alltid open og offentleg. Den universelle utforminga av kyrkjeromet må take omsyn til dette. Ein kombinasjon av å knele ved altarringen og intinksjon har i praksis ført til at nattverden er blitt meir tilgjengeleg for fleire. Biskopen bed om at soknerådet gjer vedtak om utdelingsstad og utdelingsform, jf. Allmenne føresegner punkt 64».*

Lokale grunnordningar for gudstenesta

Svarbrev til 76 av 97 sokn er ferdigstilte og sende ut i 2012. Mange lokale grunnordningar fekk godkjenning med etterhald berre fordi ordninga mangla retningsliner for hovugdustenestene etter punkt 65 i Allmenne føresegner. Dei aller fleste sokna har utført eit omfattande og godt arbeid. Alle sokn som fekk godkjenning med etterhald, er i biskopens svarbrev minna om at prosten leier det lokale arbeidet med gudstenestereforma og at det finst ei ressursgruppe i kvart prosti til hjelp for utvikling av gudstenestelivet. Dei 21 manglende sokna arbeider med sine grunnordningar, til no i 2013 har alt 7 av dei fått godkjenning.

Kyrkjemusikalisk arbeid

Det er eit stort og omfattande kyrkjemusikalisk arbeid i kyrkjelydane i bispedømmet. Dette gjeld i gudstenester og andre kyrkelege handlingar, men også gjennom eit omfattande korarbeid, instrumantale ensemble, forsangargrupper, grupper for spedbarnsong og gjennom konsertverksemrd.

Kyrkjemusikarane (kantorane og organistane) er ein sentral ressurs i dette arbeidet. Dei utfører ei viktig kyrkjelydsbyggande verksemد og medverkar til samarbeid, frivillig engasjement og brubygging mellom kyrkja og det øvrige samfunns- og kulturlivet.

Tabell 2.1.5: Oversikt over kor og konsertverksemد

Tal på barnekor	68
Medlemmar barnekor	1338
Tal på vaksenkor	44
Medlemmar vaksenkor	826
Tal på konsertar arrangert av kyrkjelydane	300
Publikum	36635
Tal på konsertar i kyrkjene arrangert av andre	206
Publikum	47775

Styrking av det kyrkjemusikalske arbeidet

Møre bispedømme har eit aktivt kyrkjemusikalsk råd. Rådet arrangerer faglege samlingar for kantorar og organistar, gjev faglege råd til biskop og bispedømmeråd i orgelsaker og kyrkjemusikalske saker, medrekna liturgiske og salmebokrelaterte spørsmål knytte til gudstenestereforma og anna kyrkjemusikalsk utviklingsarbeid.

Kyrkjemusikalsk råd har dette året arrangert to heildags fagsamlingar for organistar og kantorar i bispedømmet med ulike tema innanfor kyrkjemusikk og kultur. I tillegg arrangerte dei fagseminar for kantorane under Stiftsdagane i Ulsteinvik. Fagsamlingane for kyrkjemusikarane er godt innarbeidde, og deltakinga er god.

Plan for kyrkjemusikk har vore drøfta på fagdag for kyrkjemusikarane og er også tema ved visitasar og i annan kontakt med kyrkjelydane. Statistikken for 2012 viser at talet på sokn som har utarbeid egne kyrkjemusikkplanar er aukande.

c) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Gudstenester

Fallande tendensar i gudstenestetal og gudstenesteframmøte kan synast lite dramatiske frå år til år, men nedgang over fleire år reiser spørsmålet med tyngde: Korleis snu trenden? Gjennomsnittleg frammøte i Møre ligg over landssnittet. I 2011 var tala 107/93. Det er gledeleg. Det er vårt mål at dei nye gudstenesteforordningane frå 2012 skal medverke til å stabilisere gudstenestetala og at arbeidet med lokale grunnordningar frå 1. søndag i advent 2012 skal auke engasjementet og frammøtetala.

Nattverddeltaking

Det er viktig å legge til rette for nattverddeltaking i samsvar med dei grunnar som ein trur påverkar denne positive utviklinga i landet elles. Det er gledeleg at utviklinga er positiv. Det er vårt mål at innføring av dei lokale grunnordningane under leiing av prostane skal gjere nattverden meir tilgjengeleg for fleire.

Lokale grunnordningar for gudstenesta

Kontakten med sokna i kursing- og utviklingsfasa fungerte godt. 76 av 97 sokn heldt innleveringsfristen. Det seier vi oss nøgde med. Endringa av strategi og tiltak, som sikra kompetanse og arbeidskraft ved kontoret i lese- og vurderingsfasen, løyste behovet for tilstrekkeleg arbeidskapasitet. Arbeidet med dei 14 grunnordningane som er sende inn i ettertid har teke for lang tid grunna manglande arbeidskapasitet. Dei 7 sokna som endå ikkje har sendt inn sine forslag, må følgjast opp. Det er naturleg å etablere eit samarbeid i dei tre aktuelle prostia mellom prosten og leiargruppa for gudstenestereforma.

2.2 Trusopplæring

MÅL	"Kirkerådet og bispedømmerådene skal legge til rette for at Kirkemøtets mål og strategier kommer til anvendelse i menighetene." KR
	<p><u>Frå vårt visjonsdokument:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Gjere trua på den treeininga Gud kjend og erfart - Planmessig opplæring av alle døypte 0 – 18 år - Gje barn, unge og vaksne hjelp til å leve som kristne
STYRINGS-PARAMETER	<ul style="list-style-type: none"> - Vidareføring av trusopplæringsreforma
RESULTAT-MÅL	<ul style="list-style-type: none"> - Utbreiing av trusopplæringsreforma - Omfang av trusopplæringstilbodet i kyrkjelydane - Oppslutninga om trusopplæringstilbodet i kyrkjelydane - Tal kyrkjelydar som har fått godkjend plan
RESULTAT-INDIKATORAR	<ul style="list-style-type: none"> - Tal kyrkjelydar som har fått trusopplæringsmidlar i 2012 - Gjennomsnittleg tal timer trusopplæringstilbod i kyrkjelydar som er i gjennomføringsfasen - Gjennomsnittleg deltaking ved eit utval trusopplæringstilbod i dei kyrkjelydane som er i gjennomføringsfasen - Tal godkjende planar

a) Tiltak som er valde for å nå måla

Møre bispedøme fekk ikkje tildelt midlar til vidare opptrapping av gjennomføringsfasen i eit nytt prosti i 2012. Forvaltning av tilskotet har fått gode rutinar, men krev også ein del oppfølging. Utover forvaltningsarbeidet har Møre bispedømeråd hatt fokus på:

1. Godkjenning og kvalitetssikring av dei lokale planar for trusopplæring
2. Førebu og stimulere kyrkjelydane som ikkje får midlar for gjennomføring av trusopplæringsreforma til fornying av trusopplæringsarbeidet
3. Trusopplæringsarbeidet 15-18 år

Dei 13 kyrkjelydane i Ytre Nordmøre prosti har i løpet av 2012 gått gjennom prosessen med å få godkjent sine lokale planar for trusopplæring. Prosessen var ved utgangen av 2012 ikkje avslutta, men i sluttfasen. Alle som er tilskotsmottakarar har vi gjennomført ein årsrapportsamtale med. Desse har vi gjennomført ved eit besøk i tildelingseininga for å møte fleire frå staben og få eit betre innblikk i det lokale arbeidet. I alle prosti som får midlar til gjennomføring av reforma, har vi etablert eit Forum for trusopplæring som har 2-4 møte

årleg. Alle som har eit ansvar i arbeid med trusopplæring, er inviterte til desse samlingane. Her blir erfaringar utveksla, fellesprosjekt utvikla, framdrift og tiltak drøfta og evaluert. Under gjennomføringsfasen deltek det alltid ein av rådgjevarane frå bispekontoret.

Vi har gjennomført kyrkjelydskveld for 8 kyrkjelydar i 2 prosti for å kome i gang med fornying av trusopplæringsarbeidet sjølv om ein ikkje har fått tildelt midlar til trusopplæring i desse. Vi har også støtta ein del prosjekt i desse prostia økonomisk ved å dele ut ubrukte trusopplæringsmidlar til desse. Hovudfokus ved utdeling av ubrukte trusopplæringsmidlar har vore på tiltak etter konfirmasjonstida. Det er aldersgruppa 15-18 år som det er mest vanskeleg å etablere nye breiddetiltak for. Det var ei bevisst satsing å stimulere til meir utviklingsarbeid for målgruppa.

Ein tverrfagleg temadag for arbeid med ungdom etter konfirmasjonstida fekk god oppslutnad med 40 påmelde både frå ulike profesjonar i kyrkja og frå frivillige organisasjoner.

b) Resultat som tiltaka har ført til

Utbreiing av reforma

Status for utbreiing av trusopplæringsreforma i Møre bispedøme er, samanlikna med 2011, uendra. Fire av sju prosti har fått midlar til gjennomføring. Som ved utgangen av 2011 har 57 av 97 kyrkjelydar i Møre fått tildelt midlar til å gjennomføre trusopplæringsreforma. I tillegg får 19 kyrkjelydar i mellomfasen trusopplæringstilskot.

Tabell 2.2.1 Status trusopplæringsreforma

Status ved slutten av 2012	Prosti	Kyrkjelydar
Totalt	7	97
Tildelt midlar til gjennomføring (2008 – 2012)	4	57
Tildelt midlar til prosjekt (mellomfase)		19
Utan tildeling	3	21
Godkjende lokale planar for trusopplæring	2	29
Lokale planar i sluttfasen av godkjenningsprosess	1	13

Med ei stagnering i tildelinga kunne Møre bispedøme i 2012 ikkje kome nærmare målet om utbreiing av reforma til alle kyrkjelydane i Møre. 29 kyrkjelydar driv trusopplæring etter ein godkjend plan. Frå 2013 av vil 42 kyrkjelydar drive trusopplæring etter ein godkjend plan.

Omfang av trusopplæringstilbodet i kyrkjelydane

Tabell 2.2.2 Planlagde og gjennomførte timer i 2011 og 2012

Planlagde timer i 2011, gjennomsnitt	Gjennomførte timer i 2011, gjennomsnitt	Planlagde timer i 2012, gjennomsnitt	Gjennomførte timer i 2012, gjennomsnitt
336	245	336	299

Samanlikna med 2011 har det gjennomsnittlege talet på gjennomførte timer i trusopplæring auka. Forholdet mellom planlagde timer og gjennomførte timer stadfester at planane som er godkjende, er realistiske for det lokale trusopplæringsarbeidet.

Tabell 2.2.3: Oppslutning på utval av gjennomførte tiltak i kyrkjelydane i gjennomføringsfasen i 2011

42 kyrkjelydar i gjennomføringsfasen (tildeling 2008-2010)	Talet på tiltak kyrkjelydane tilbyr	Døypte i målgruppa i kyrkjelydane som tilbyr tiltaket	Frammøtte	Oppslutning
Dåpsamtale	37	1250	1178	94 %
Utdeling av 4 års- bok	47	1205	810	67 %
Tiltak i 6års- fasen	31	976	510	52 %
Tårnagent	29	971	433	45 %
Lysvåken	38	830	445	54 %
Konfirmasjon	47	1725	1598	93 %
Breddetiltak etter konfirmasjonstiden	10	120	53	44 %
Sum:		8554	5637	71 %

Det er ein markant nedgang i oppslutninga kring trusopplæringstiltak i 2012 dersom ein samanliknar det med 2011. Trass i god rettleiing i rapporteringsrutinane viser talmaterialet stor variasjon som både i talet på døypte i målgruppa og frammøtte. Vi vurderer det slik at talmaterialet ikkje gir godt nok grunnlag for å sjå pålitelege tendensar i utviklinga enno. Men det vil fungere på sikt.

Ved gjennomføring av reforma har det blitt lagt vekt på stadeigengjering og lokale forhold. Sjølv om den nasjonale Plan for trusopplæring «Gud gir – vi deler» gir eit godt rammeverk for å utarbeide lokale planar for trusopplæring, kan tiltaka innanfor ei aldersgruppe vere veldig ulike. Ikkje alle føreslårte nasjonale breiddetiltak blir innarbeidde lokalt, det kan vere andre tiltak for aldersgruppa som då ikkje blir rapporterte under same tiltaksnamn. Dette kan bidra til at den statistiske samanlikninga kan vere misvisande.

c) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Ein ser at dei nasjonale breiddetiltaka blir gjennomførte med god suksess. Det å gjere ting på ein liknande måte skaper tryggleik og hjelper kyrkjelydane å byggje identitet for kyrkja generelt. Bispedømerådet er etterspurt for å kunne vere ein god støttespelar i prosessen med å kome i gang med slike tiltak lokalt. Kurs og inspirasjonssamlingar vil gi fleire eit eigarforhold til desse tiltaka.

Trusopplæringsarbeidet er i eit stort dilemma i område med store avstandar og spreidd befolkning. Kyrkjelydane er så små at tildelingseiningane strekker seg over store geografiske område. Likevel er det ofte ikkje rom for stillingar større enn 20-50 %, som i tillegg kjem inn i små stabar med lite ressursar.

Den kyrkjelege strukturen er ei stor utfordring i trusopplæringsarbeid for ungdom etter konfirmasjonstida (15-18 år). Å nå ungdomar på flyttefot krev eit større nettverk enn mange lokale kyrkjelyder kan tilby. Samstundes er personlege relasjonar i arbeid med ungdom så viktig at det heller ikkje kan bli samordna ved å dele nokre små ressursar på eit større geografisk område. Trusopplæring for ungdom krev også ein annan kompetanse enn arbeid med barn. Som regel har tildelingseiningane ikkje stort nok volum på talet på døypte for å kunne tilsette fleire enn ein trusopplæringsmedarbeidar. Det har blitt sett i gang noko samarbeid på prostiplan eller i byane, men ressursane strekk ikkje til for å kunne etablere gode faglege stillingar ut av dette.

Sjølv om vi har hatt fokus på trusopplæring 15-18 år i 2012, vil dette bli eit område der vi må bruke ressursar på vidare utvikling for å oppnå betre resultat med trusopplæring for denne aldersgruppa, også utover dei tildelte midlane for trusopplæring.

2.3 Diakoni

MÅL	At kyrkjelydane i Møre vert opplevd som rause og inkluderande fellesskap, der omsorg for nesten, vern om skaparverket og kamp for rettferd kjem tydelig fram i kyrkjelyden sitt arbeid.
STYRINGS-PARAMETER	<p>Styrking av kyrkjelydane si diakonale omsorgsteneste med fokus på:</p> <ul style="list-style-type: none"> - forbøn og oppsøkande omsorg for enkeltmenneske og grupper i kyrkjelyd og lokalsamfunn - vern om skaparverket og kamp for rettferd - låg terskel til fellesskap og sjelesorg - styrking av diakonifagleg kompetanse i kyrkjelydane - samarbeid med kommunale omsorgstenester og frivillige organisasjoner
RESULTAT-MÅL	<ul style="list-style-type: none"> - At alle kyrkjelydane i Møre har tilgang på diakonifagleg kompetanse innan 2020, og at 80 % har det innan 2015. - At 70 % av kyrkjelydane har godkjend diakoniplan innan 2014
RESULTAT-INDIKATORAR	<ul style="list-style-type: none"> - Tal sokn som har diakonal teneste - Tal sokn med godkjend lokal plan - Kyrkjelydar som fyller krava til «Grønne menigheter» - Deltakarar på diakonifaglege kurs og samlingar - Diakonar i vidare- og etterutdanning

a) Tiltak som er valde for å nå måla

Styrking av diakonal kompetanse i kyrkjelydane

- Stiftsdagar for alle kyrkjelig tilsette. Eiga fagsamling for diakonar. (juni)
- «Med filmen som verktøy for menneskeverd» Kursdag med Margreth Olin for tilsette i kyrkje og samfunn. (Oktober)
- «Diakonifostring gjennom kyrkeåret» Fagdagar for diakonar og diakoniarbeidarar. (sept)
- «Sjelesorg til kvardags». Tormod Kleiven (November)
- Tett samarbeid med KIA-Møre (Kristent interkulturelt arbeid) for å spreie kunnskap og erfaringar frå aktivt inkluderingsarbeid i kyrkjelydane.

Starta nytt prosjekt for styrking av sjelesortilbodet i kyrkjelydane

- Etablering av prosjektgruppa «Lågare terskel til sjelesorg», som arrangerte fagdag for tilsette i kyrkja.

b) Resultat som tiltaka har ført til
Diakonal kompetanse i Møre

Tabell 2.3.1: Diakonar i Møre bispedøme, etter prosti og kompetanse. (Tal for 2011 i parentes)

	SS	NS	AS	MD	IR	IN	YN	Sum
Vigsla diakonar med tilsettingsbrev	1 (2)	5 (5)	1 (2)	1 (1)	2 (2)		1(0)	10 (11)
Vigsla diakonar i permisjon					1 (1)			-1 (2)
Vakante diakonstillingar			1					-1 (0)
Diakonar som ikkje er vigsla – men som har vikariat eller fast stilling	1			2	1 (1)	1(1)	1(2)	6 (7)
Diakoniarbeidarar i 50 % stilling eller meir	1	3	1	0 (1)			1	6 (7)
SUM	3	8	2	3	2	1	2	20 (21)

Tala viser ein reduksjon i vigsla diakonar frå 11 til 10 det siste året. Diakonstillinga i Stranda står vakant, og på grunn av ein særdeles stram kommuneøkonomi er det usikkert om det vil bli tilsett nokon i denne stillinga i nærmaste framtid. Diakonstillinga i Molde sokn har vore ei diakonstilling med mange klokkaroppgåver lagde til stillinga. Også denne stillinga står no i fare for å bli vesentleg redusert, som følgje av kommunale kutt i ramma til fellesrådet. Diakonstillinga i Nordlandet i Kristiansund vart lyst ut i 2012, og der kom det fleire kvalifiserte søkerar. Vigsla diakon vart tilsett i stillinga.

Dei vigsla diakonane har mindre ansvar innanfor trusopplæring enn diakoniarbeidarar og diakonar som ikkje er vigsla.

Vedtekne diakoniplanar

I årsrapporteringa frå kyrkjelydane for 2012 er det 51 kyrkjelydar i Møre med diakoniplan som er godkjend av soknerådet. Ikkje alle sokneråd har sendt inn sine diakoniplanar til bispedømekontoret, og det er derfor ikkje gjort ei kvalitetsvurdering av planane. Inntrykket er likevel at det er stor skilnad på planane, og at det er avgjerande om kyrkjelydane har tilgang på diakonal kompetanse eller ikkje. Tabellen nedanfor gir eit bilet av kva type diakonal kompetanse sokna i Møre har.

Tilgang på diakonal kompetanse i kyrkjelydane

Tabell 2.3.2: Tilgang på formell diakonal kompetanse i sokna pr. des. 2012 etter kompetansenivå og prosti. Tal sokn i kvart prosti på kvart kompetansenivå. (N=98)

	Kompetansenivå	Tal kyrkjelydar							Sum
		SS	NS	AS	MD	IR	IN	YN	
1	Vigsla diakonar	4	8		4	7		1	24
2	Diakonar som ikkje er vigsla, men som har minimum 3 års utdanning innanfor helse/sosial eller pedagogikk	1			1	4	6		12
3	Diakoniarbeidarar i 50 % stilling eller meir		6					1	7
4	Diakoniarbeidarar i stillingar mindre enn 50 %	4		1				3	8
	SUM, kyrkjelydar med tilgang på diakonal kompetanse. (N=98)	9	14	1	5	11	6	5	51

Tabellen viser stor skilnad innanfor bispedømet med omsyn til formell diakonal kompetanse. Medan Nordre Sunnmøre prosti har 14 kyrkjelydar med tilgang på formell diakonal kompetanse, er det berre ein kyrkjelyd i Austre Sunnmøre som har det same. No vert rett nok denne tendensen forsterka av den vakante diakonstillinga i Stranda.

Tabellen seier ikkje noko om kor mange kyrkjelydar som deler på kompetansen, og såleis heller ikkje noko om kor stor stillingsressurs kvar kyrkjelyd har på det diakonale området. Også her er skilnaden stor. Medan 8 kyrkjelydar i Nordre Sunnmøre prosti deler på 5 diakonstillingar, deler dei 6 kyrkjelydane i Indre Nordmøre prosti på ei diakonstilling. På den andre sida er dei omtalte kyrkjelydane i Nordre Sunnmøre meir folkerike enn kyrkjelydane i Indre Nordmøre prosti.

I 2011 vedtok Kyrkjemøtet i KM sak 9/11 at det er nødvendig og viktig å få oppretta fleire diakonstillingar. Forventningane frå Kyrkjemøtet om ei «betydelig» auke av talet på diakonstillingar over statsbudsjettet, har ikkje slått til. Likevel må vi halde fast på målsettinga om at alle prosti skal ha minst ei diakonstilling innan 2015, og at alle kyrkjelydar skal ha tilgang på diakonal kompetanse innan 2020.

I Møre er det no Austre Sunnmøre prosti som står i fare for å misse vesentlig diakonal kompetanse, dersom diakonstillinga i Stranda vert ståande vakant over tid. I tillegg er det om lag halvparten av kyrkjelydane våre som manglar tilsette med formell diakonal kompetanse. Slik har forholda vore i mange år, og vi har ikkje sett ei forbetring dei siste åra. Skal vi komme i nærlieken av KM si målsetting innan 2020, må vi finne nye vegar for å auke talet på diakonar i Møre.

Deltakarar på diakonale fagdagar

Det har vore ei målsetting å samle fleire yrkesgrupper enn berre diakonane til diakonifaglege kurs. Alt kyrkjeleg arbeid bør ha ei diakonal side ved seg, og både prestar og trusmedarbeidarar har diakonalt perspektiv på sine tenester.

Tabell 2.3.3: Tal deltakarar frå ulike yrkesgrupper på diakonifaglege kurs i 2012:

Kurstittel	Type kurs	Kurs-lengde	Prestar	Diakonar	Kateketar	Andre kyrkjelege stillingar	Andre
Menneskeverdi i offentleg omsorg (Margaret Olin)	Ope seminar	3 t	2	6	3	6	7
«De andre» (Margaret Olin)	Open temakveld	2t					300
Kunst og kulturfomidling til eldre (Inge Lønning m.fl.)	Ope kurs	6t	1	2			25
Frimod til sjelersorg (Tormod Kleiven)	Seminar for kyrkjertilsette	5t	7	8	4	8	
Bøn og pilegrimsvandring	Fagdag	3t		18			
Kyrkjeleg fredsarbeid Petter Skauen	Seminar for kyrkjertilsette	2 t	2	5	3	3	
Åndeleg vegleiing	Seminar for kyrkjertilsette	2 t	4	3	3	6	
Sum			16	39	13	29	

Som det går fram av tabellen, har vi ikkje lukkast med å samle mange tilsette i kyrkja på diakonifaglege kurs i 2012. Kanskje kan det ha samanheng med at vi hadde stiftsdag dette året med 200 påmelde, og at andre fagdagar innanfor trusopplæring og kyrkjemusikk samla meir folk. Men tabellen viser tydeleg at sjølv store «kanonar» som Margreth Olin ikkje nødvendigvis samlar store skarar med folk til seminar. Ho samla fullt hus i Spjelvik kyrkje om kvelden, men seminaret på dagtid traff verken kyrjeleg tilsette eller fagfolk i offentlege omsorgstenester.

Vern om skaparverket

I 2011 vart det etablert ei ressursgruppe for berekraft og skaparverk i Møre. Hausten 2012 lanserte gruppa prosjektet «Grønast i Møre» med utgangspunkt i krava som vert stilte til «grønne menigheter». Planen er å få kyrkjelydane med på ein slags miljøstafett der dei kvart semester forpliktar seg til 6 -7 nye grøne tiltak. Det kan vere alt frå å bli meir bevisste på bruken av kopipapir til å delta i fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Målet er at vi innan 2014 skal ha 10 nye grøne menigheter i Møre.

Tilgjengelig sjelesorg

Sjelesorg hører med som ein naturleg del av tenesteinstruksen både for prestar og diakonar. Likevel er det sjeldan at kyrkjelyden sitt sjelesortilbod vert presentert på kyrkjelydane sine heimesider eller i kyrkjelydsblad. Kyrjeleg sjelesorg synes å vere eit gøynt tilbod for dei få. I alle fall vert det sjeldan flagga som eit ope tilbod til folk flest. I Møre bispedøme er det etablert ei prosjektgruppe som ønskjer å styrke sjelesorgkompetansen i kyrkjelydane og dermed gjere kyrjeleg tilsette meir frimodige til å gå ope ut med tilbod om sjelesorg og samtale.

I november vart det arrangert ein fagdag for sjelesørgarar med 27 påmelde deltakarar (jf. tabell ovanfor). Forelesar var forskingssjef ved Diakonova, dr. scient. Tormod Kleiven. I 2013 er det planlagt ny fagdag og ei nettverksamling for sjelesørgarar i Møre bispedøme. Dei som er med i prosjektgruppena er: fengselsprest Arne Vigestad, sjukehusprest Håvard Ervik, diakon Rune Singelstad, diakoniarbeidar i Normisjon Elisabeth Østergård og diakonirådgjevar i Møre Tore Johan Øvstebø.

c) **Behov for endringar i strategiar og tiltak**

Det er behov for å finne ein ny strategi for å auke den diakonale kompetansen i kyrkjelydane. Vi kan ikkje lenger berre vente på auka statlige løyyingar til fleire diakonstillingar. Så lenge ikkje alle prosti har fått trusopplæringsmidlar, ser det ut til at friske midlar til diakoni let vente på seg.

Møre bispedøme bør vurdere ein strategi der vi i større grad søker samarbeid med kommunar og organisasjonar som Kirkens Nødhjelp, for å finne felles plattform for nye diakonstillingar. Der er gode eksempel frå andre stader i landet der ein har fått kommunale midlar til diakonstillingar med særleg fokus på førebyggande ungdomsarbeid, eller palliativ omsorg på sjukeheim eller i heimebasert omsorg.

Det trengs eit tettare samarbeid mellom dei ulike rådgjevarane på bispedømekontoret for å samkøyre eigne kurs og fagsamlingar. Fleire fagsamlingar bør bli tverrfaglege – slik at Kyrkjelivsavdelinga inviterer dei tilsette i kyrkjelydane til færre kurs og seminar i løpet av året.

Prosjektet «grønast i Møre» har ikkje fått den tilslutninga frå kyrkjelydane som vi hadde venta. Det er tydeleg at sjølv om mange sokneråd er samde i målsettinga om å sette miljøvern på dagsorden, så er dette ei sak som taper i konkurransen med mange andre meir

presserande saker. Skal vi nå målet vårt om 10 nye grøne kyrkjelydar i Møre innan 2014, må ressursgruppa ha ein tettare dialog med kyrkjelydane.

d) **Risikovurdering – tap av fagleg kompetanse i diakonstillingar**

Kvar gong det vert lyst ut ei ledig diakonstilling i Møre, er vi spente på kor mange søkerar som melder si interesse. Kyrkjelydane er gjerne utålmodige etter å få på plass ein ny medarbeidar slik at arbeid og oppgåver kan vidareførast utan opphold. Frå bispedømerådet si side er vi opptekne av at tilskotsmidlane skal gå til styrking av den diakonifaglege ressursen, og at stillingane må utlysast på nytt dersom ein ikkje får kvalifisert søker ved første utlysing. Stort sett er dette ei forståing fellesråda deler med oss. Men der er ein reell risiko for at fellesråda av ulike grunnar ønsker å tilsette søkerar som ikkje fyller kompetansekrava for diakonar.

Det er størst fare for slik tilsetting utanfor byane, der søkerane er få. Dessutan er det mange kyrkjelydar som er ute etter tilsette til trusopplæring, og dersom ein søker til ei diakonstilling har slik kompetanse, kan det vere freistande å sjå bort frå manglande diakonifagleg kompetanse. Ein skal heller ikkje undervurdere økonomiske sider ved saka. Enkelte fellesråd kan bli freista til å sjå gjennom fingrane på kompetansekrava dersom dei får ein medarbeidar som kan gjere ein god jobb med lågare løn enn tariffesta diakonløn.

Konsekvensane dersom ein fyller fleire av diakonstillingane med tilsette som ikkje har formell diakonkompetanse, kan bli alvorlege, sjølv om nokre av desse både har brei formal-kompetanse og stor realkompetanse frå helsevesen eller skuleverk. Diakonstillinga er ei sjølvstendig stilling, slik også KM sitt vedtak frå 2011 presiserer. Ein ny diakon må ha evne til å legge ein langsiktig strategi for diakoniarbeidet saman med andre leiarar i kyrkjelyden, og styre både sitt eige arbeid og frivillige sin innsats i tråd med denne strategien. Dessutan bør diakonar ha eit godt samarbeid med kommunale helse- og sosialtenester for at kyrkjelyd og kommune kan utfylle kvarandre. I møte med kommunale tenester er solid fagkompetanse nærrast ein føresetnad for å etablere ein fruktbar dialog mellom kyrkje og offentlege tenester.

For å redusere risikoen for ei framtidig utarming av den diakonifaglege kompetansen er det for det første viktig å halde på den kompetansen vi har. Diakonar med høg kompetanse må heile tida få høve til å utvikle seg vidare, fagleg sett. Derfor legg vi vekt på at fagsamlingane for diakonar skal ha eit solid fagleg innhald, og at det skal finnast stipendordningar for diakonar som vil fordjupe seg eller ta vidareutdanning.

For det andre har vi i løpet av 2012 sendt ut eit nytt rundskriv til kyrkjelydane om tilskot til stillingar innanfor diakoni og undervisning. Her presiserer vi at dersom kyrkjelydane tilset personar utan formell kompetanse i diakon- og kateketstillingar, vil også tilskotsprosenten bli redusert. Der finst nokre unntak frå regelen, mellom anna dersom den tilsette er på veg til å fullføre utdanning som gir formell kompetanse. Fag forbunda har gjeve gode tilbakemeldingar på det nye rundskrivet.

2.4 Kultur

MÅL	"Kirkerådet og bispedømmerådene skal legge til rette for at Kirkemøtets mål og strategier kommer til anvendelse i menighetene." KR
STYRINGS PARAMETER	<p><u>Frå vårt visjonsdokument:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Sanse og erfare Gud sitt nærvær gjennom eit mangfald av språk og uttrykk - Gje rom for det skapande menneske - Forvalte og fornye kyrkja sin salmeskatt, trus- og kulturarv <ul style="list-style-type: none"> - Vidareutvikle og styrke kyrkja si rolle som kulturformidlar
RESULTAT- MÅL	<ul style="list-style-type: none"> - Initiere samarbeid mellom kyrkja og kulturlivet elles - Byggje kyrkjeleg kulturkompetanse, utvikle og vidareformidle spisskompetanse - Auke og fremje brei kyrkjeleg kulturkompetanse
RESULTAT- INDIKATORAR	<ul style="list-style-type: none"> - Innvilga tilskot til kulturprosjekt i kyrkjelydane - Tal på nye samarbeidstiltak - Tal på kompetansehevande tiltak innan kulturfeltet i bispedømmet, og tal på deltagarar på desse.

a) Tiltak som er valde for å nå måla

Initiere samarbeid mellom kyrkja og kulturlivet elles

Møre og Romsdal er eit kulturfylke, og kyrkja i Møre har eit tett og godt samarbeid med det lokale kulturlivet. I kyrkjene våre er eit spekter av arrangement med godt, lokalt kultursamarbeid gjennom heile året: konserter, deltaking av korps og kor på gudstenester og andre arrangement, innslag med dans, drama og litterære uttrykk, deltaking av kulturskule, lokale foreiningar, lag og organisasjonar, o.a. Å utvikle dette samarbeidet er fokus ved visitasar og i andre møte med kyrkjelydane og kyrkjelege tilsette. Det har også blitt arbeidd målretta for å skape møteplassar mellom kyrkja og dei store kulturinstitusjonane i fylket, med tanke på konkrete samarbeidsprosjekt.

Byggje kyrkjeleg kulturkompetanse, utvikle og vidareformidle spisskompetanse

Gjennom året har bispedømerådet arrangert 6 ulike kompetansehevande tiltak retta mot feltet kyrkje og kultur:

- Fagdag for kyrkjelege tilsette om dramaturgi og forteljarkunst, med Kjetil Bang Hansen og Helga Samset. Samarbeid med «Høstscena», Ålesund teaterfestival
- Seminar om kunst- og kulturformidling til eldre, og moglegheiter innanfor ordninga «Den kulturelle spaserstokken», i samarbeid med Kristiansund Kyrkje Kunst

- Kulturfestival. Med m.a. Inge Lønning, Gudmund Fosse frå Kirkens Bymisjon og kunstnarane Ulla Käll og Margrete Kvalbein
- Seminar om film som reiskap for å setje fokus på menneskeverd, ved Margrethe Olin, i samarbeid med Kulturdagane i Spjelkavik kyrkje.
 - Kyrkjemusikalsk råd har arrangert tre fagsamlingar for organistar og kantorar i bispedømet, der det har vore fokus på ulike tema innanfor kyrkje og kultur.

Møre bispedøme har valt å utvikle spisskompetanse innanfor felta Den kulturelle skulesekken (DKS) og dramaturgiske uttrykk. Dette pregar temaval for kompetansehevande tiltak som det blir lagt til rette for i bispedømmet. Når det gjeld DKS, er det eit uttrykt mål å ha minst ein kyrkjeleg produksjon i året som blir vist på Kulturtorget i regi av fylkeskommunen. Samarbeidet med Kristiansund Kirke Kunst Kulturakademi har vore ein viktig føresetnad for å nå dette målet.

Auke og fremje brei kyrkjeleg kulturkompetanse

Kulturrådgjevaren arbeider med informasjon og rådgjeving om økonomiske støtteordningar og kva som blir kravd i søknader og søknadsprosesser.

b) Resultat som tiltaka har ført til

Tabell 2.4.1 Kulturtiltak, - kor mange, økonomisk støtte og deltaking

Tal på kyrkjelege kulturtiltak som har motteke offentleg støtte	14
Sum offentlege tilskot til kulturprosjekt i kyrkjelydane	Kr 1 091 000
Sum tilskot frå andre til kulturprosjekt i kyrkjelydane	Kr 210 000
Tal på nye samarbeidstiltak mellom kyrkja og kulturlivet elles	17
Tal på kompetansehevande tiltak innan kulturfeltet i bispedømmet i regi av Møre bispedømeråd	6
Tal på deltagarar	178

Auke og fremje brei kyrkjeleg kulturkompetanse

Vi har grunna manglande rapporteringssystem ikkje ein fullgod oversikt som viser tilskota for finansiering av kyrkjelege kulturaktivitetar og arrangement i bispedømet, men ei grovmaska oversikt gjev eit bilde der ca. 1, 25 millionar kroner er løvvde til kyrkjelydane i Møre.

Kristiansund Kirke Kunst Kulturakademi står i ei særstilling. Dei mottok i 2012 kr 500 000 i tildelingar frå Kulturrådet til sitt omfattande arbeid, i tillegg kr 370 000 frå Møre og Romsdal fylkeskommune og kr 60 000 frå Den kulturelle spaserstokken. For akademiet har det lenge vore eit mål å få ein meir føreseieleg økonomi. Kulturrådgjevaren var i 2012 involvert i arbeidet for å få til løvingar over statsbudsjettet til finansiering av akademiet sine aktivitetar. Dessverre førte ikkje dette arbeidet fram.

For dei andre kyrkjelydane i bispedømmet er det snakk om mindre summar i tilskot til ulike prosjekt. For mange er midlane frå OVF ei viktig finansieringsmoglegheit for kyrkjekulturell aktivitet. Mange får også støtte frå lokale kommunar og sponsorar, men dette får vi ikkje oversikt over før spørsmål om dette kjem på kyrkjelydane sine rapporteringsskjema til SSB.

Utvikle spisskompetanse

- Den kulturelle skulesekken: Framsyninga «Vinden er stille» blei produsert av Kristiansund Kirke Kunst Kulturakademi i samarbeid med Møre og Romsdal fylke hausten 2011, og er ein kyrkjeconsert med lokale religiøse folketonar og kulturarv. I 2012 har framsyninga turnert i kyrkjer i bispedømmet i regi av DKS, og er sett av ca. 6800 elever på 8.-10. klassetrinn.
- Hausten 2012 produserte KKKK-akademiet ei ny framsyning, «Stumfilm», der kyrkjeorgelet

akkompagnerer stumfilm i kyrkjerommet. «Stumfilm» blei vist på fylkeskommunen sitt Kulturtorg i januar 2013, og vil turnere i kyrkjer i bispedømmet skuleåret 2013-2014. Elles når det gjeld kyrkjelege produksjonar til DKS på kommunalt nivå, merkar vi ein viss auke i interesse i kyrkjelydane. Det er tre fellesrådsområde som no har eigne produksjonar og fleire arbeider med konkrete idear.

- Dramaturgiske uttrykk: Kyrkjelege tilsette er blitt inviterte til to fagdagar, der tema har vore dramaturgi og forteljarkunst og Den kulturelle spaserstokken. Opprettning av studietilbod om film, populærkultur og livstolking ved Høgskulen i Volda.

Bygge kyrkjeleg kulturkompetanse

Det har vore gjennomført tverrfaglege samlingar for kyrkjelege tilsette og andre interesserte. Dette har vore flotte samlingar med dyktige bidragsytarar, og tilbakemeldingane frå deltagarane har vore svært gode. Vi skulle gjerne sett at det hadde vore fleire deltagarar på desse samlingane. Dette blir det no arbeidd med i Kyrkjelivsavdelinga, der ein ser på heile tilbodet av kompetansehevande tiltak innanfor alle fagfelt, og arbeider med strategi for å samkøyre tilbodet betre. Fagsamlingane for kyrkjemusikarane har god deltaking og er viktige samlingsstader for kyrkjemusikarane i bispedømmet.

Initiere samarbeid mellom kyrkja og kulturlivet elles

Kyrkja i Møre har gjennom året eit omfattande samarbeid med kulturlivet elles. Dette gjeld også fleire av dei store kulturinstitusjonane i fylket, der kulturrådgjevaren har initiert og/eller vore engasjert i ulike tiltak:

Bjørnsonfestivalen: To arrangement i samarbeid med Molde domkirke: «Om å bearbeide bibelske tekstar», med forfattarane Paal Helge Haugen og Inger Bråtveit, og Carl Morten Amundsen, sjefsdramaturg for Det Norske Teatret, og «Alt har sin tid» med framføring av bibeltekstar av skodespelarar frå Teatret Vårt og musikk framført av Møremusikarane. Denne framsyninga vart også vist på Nesset prestegard.

Kulturavdelinga ved Møre og Romsdal fylkeskommune: Det er eit godt samarbeid om Den kulturelle skulesekken. Bispedømet har også hatt eit nært samarbeid med kulturavdelinga i fylket om etableringa av Kystpilegrimleia frå Stavanger til Trondheim. Dette er eit unikt samarbeid mellom alle fylkeskommunar og bispedøme langs vestlandskysten, med målsetting om å etablere Kystpilegrimsleia som ei samanhengande pilegrimsroute langs kysten frå Stavanger til Trondheim, med utgangspunkt i kulturminne og heilagstader langs kystleia. Finansiering av eit forprosjekt kom på plass mot slutten av året, ved at kvar fylkeskommune løydde kr 75 000 og kvart bispedømeråd kr 25 000. Prosjektleiar er i tilsett frå 01.02.2013.

Ålesund Teaterfestival: Temadag for kyrkjeleg tilsette om dramaturgi og forteljarkunst.

Høgskulen i Volda: Bispedømet har vore involvert i opprettninga av eit nytt studietilbod om film, populærkultur og livstolking. Dette er eit vidareutdanningstilbod retta mot trusopplærarar, prestar og kateketar. I samband med studiet er det også oppretta ei ressursside på Facebook med filmtips og aktuelle ressursar, som eit tilbod til alle som er interesserte i møtepunkt mellom kyrkje, film og populærkultur.

I samband med 200-års jubileet for Grunnlova i 2014 er det oppretta ein komité under leiing av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, der bispedømet saman med ulike kulturinstitusjonar skal planlegge kulturaktivitetar i jubileumsåret.

c) **Behov for endringar i strategiar og tiltak**

Det skjer mykje spanande og gledeleg på det kyrkjekulturelle feltet i bispedømet. Men vi har ei utfordring når det gjeld å auke talet på innvilga søknader om støtte til kyrklelege kulturproduksjonar. Vi opplever at berre nokre få kyrklelege miljø har ressursar til å søkje på aktuelle finansieringsordningar. Mange erfarer at kulturmidlane frå Norsk kulturråd og andre store kulturfinansieringsinstitusjonar i liten grad er tilpassa deira verkelegheit. Mange har gjort forsøk på å søkje om økonomisk støtte til kunst og kulturprosjekt utan at det har gitt resultat. Den same tendensen ser ein også i kulturlivet elles i Møre og Romsdal. Det er store ulikskapar mellom ulike delar av landet når det gjeld tildelingar innanfor dette området, og forskjellane aukar. Vi har ein dialog med kulturavdelinga i fylket, der vi ser på verkemiddel som kan settast i verk for å endre på denne situasjonen.

2.5 Misjon og økumenikk

MÅL	<u>Frå vårt visjonsdokument:</u> <ul style="list-style-type: none"> - Kalle til å følgje Jesus Kristus - Utruste kristne til å dele evangeliet og leve ut trua si der dei er - Erfare at vi er del av den verdsvide kyrkja – med eit felles oppdrag
STYRINGS PARAMETER	- Styrking av kyrkjelydane si teneste for misjonen
RESULTAT- MÅL	<ul style="list-style-type: none"> - Fremje misjonal grunnhaldning i gudstenestelivet - Fremje misjonal grunnhaldning i trusopplæringa - Fremje misjonal grunnhaldning i diakonien - Auke talet på misjonsavtalar - Utvikle kontakten med venskapsbispedøma
RESULTAT- INDIKATORAR	- Tal misjonsavtaler

a) **Tiltak som er valde for å nå måla**

Ny regional avtale for SMM Møre 2012 – 2017

Møre bispedømeråd har sidan 1997 samarbeidd med misjonsorganisasjonane om «menighet og misjon.» Stillinga som misjonsrådgjevar har vore ein viktig del av dette samarbeidet. I 2012 vart samarbeidsavtalen i Møre fornya for dei fem neste åra.

Det var naturleg å ta utgangspunkt i evalueringa av SMM-ordninga som bispedømerådet gjorde i 2010 etter initiativ frå Kyrkjerådet. Det var då ei brei sentral evaluering av ordninga. Møre bispedømeråd konkluderte si evaluering slik:

«Møre bispedømeråd ser positivt på eit fortsatt samarbeid om stillingane og meiner dei positive effektane av samarbeidet er signifikante. På eit fagfelt kor misjonsorganisasjonane er dei som sit med kompetansen og kontaktane inn mot samarbeidskyrkjene våre, er det ein styrke for kyrkja å samarbeide tett med desse. Samarbeid

kring misjonskonsulent/rådgjevar-stillingane kjem bispedømmet og lokalkyrkjelydane til gode». (MBDR 040/10)

Vedtaket anerkjenner samarbeidet med misjonsorganisasjonane i SMM-Møre og erkjenner den misjonseffekt rådgjevarstillinga har i kyrkjelydane. Bispedømerådet understrekar òg den verdi misjonsavtalane representerer for kontakten med samarbeidskyrkjene ute. Samarbeidet har tre hovudmål:

- a) Misjonsavtalar
- b) Misjon i trusopplæring
- c) Misjon og gudsteneste

Partane i SMM-samarbeidet i Møre bispedømme er følgjande:

- Den Norske Israelsmisjon
- Det Norske Misjonsselskap
- Himalpartner
- Misjonsalliansen
- Normisjon
- Stefanusalliansen
- Møre bispedømmeråd

Partane forpliktar seg til saman å finansiere ei misjonsrådgjevarstilling i 75 % etter avtalefesta fordelingsbrøk. Bispedømmerådet har arbeidsgjevaransvar for stillinga.

Offersøknad

Møre biskop har sendt brev til alle sokneråda og oppmoda til å gje takkoffer i gudstenesta til misjonsorganisasjonane eller til SMM Møre. Takkoffer til SMM Møre vert fordelt på dei sju samarbeidsorganisasjonane etter ein avtalt fordelingsnøkkel. Biskopens brev viser til KM sak 07/12, punkt 2b:

«Kirkemøtet utfordrer menighetene til å konkretisere hvordan disippelskap og etterfølgelse kan realiseres, for eksempel ved å løfte frem og legge til rette for fordypning av egen spiritualitet, be for den globale kirken i alle gudstjenester, øke ofringene til misjon og internasjonal diakoni og ved å bli «grønne menigheter».

Brevet viser til nettsida www.menighetogmisjon.no, informerer om partane i SMM-Møre og oppmodar sokneråda til å gjere gode prioriteringar.

Økumenikk

Venskapsavtalene med Newcastle bispedøme i England og Nordre lutherske bispedøme i Ungarn gjekk inn i sitt fjerde år i den femårige perioden sidan siste fornying. I juni hadde vi besøk av fire personar frå Newcastle som er engasjerte i ungdomsarbeid i sitt bispedøme. I september kom ein representant frå Ungarn som skal «hospitere» i ein kyrkjelyd fram til sommaren 2013. Heile staben ved Møre bispedømekontor var i Budapest i august og møtte den ungarske biskopen og fleire medarbeidarar i bispedømet der.

b) Resultat som tiltaka har ført til

Misjonsarbeidet har ein sterk og god historie i Møre. Impulsane frå misjonsorganisasjonane i lokalkyrkjelydane er verdifulle og viktige. Om talet på dei tradisjonelle misjonsforeiningane går ned, er det eit positivt trekk at om lag 75 % av kyrkjelydane i Møre har samarbeidsavtale

med ein av organisasjonane i SMM. Det er ein høg prosent, men vi vil gjerne auke den ytterlegare fordi vi ser at dette er verdifullt. I mange sokn er avtalene levande og aktive, andre treng litt impuls for å vitalisere dei. Nokre stader er det søndagsskolen, ungdomsgruppa eller andre som har sitt eige misjonsprosjekt.

I vårt rettleiingsmateriell for sokna som skal lage trusopplæringsplanar er misjon med som ein sentral dimensjon og vi ser etter dette når planane kjem inn til godkjenning. For store delar av målgruppa er misjon noko framandt, det gjeld difor å gjere det konkret og nært. Mange brukar då t.d. kyrkjelyden sitt eige misjonsprosjekt i trusopplæringa.

Misjonsperspektivet må ha sin naturlege plass og kjelde i gudstenesta, - misjon handlar om kva det vil seie å vere kyrkje. Vi har i arbeidet med gudstenestereforma halde fram at lokalkyrkjelyden er del av ein verdsvid fellesskap og at dette skal bli peika på i forkynninga og gjort synleg i gudstenestene. Vi treng å arbeide vidare med korleis vi inspirerer, etterspør og vurderer misjonsperspektivet i gudstenesta.

c) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Det skal framleis vere fokus på misjonsavtalane i kyrkjelydane, både at dei som er etablerte, kan haldast levande og at nye kan bli underteikna. Og vi ønskjer å styrke misjonsdimensionen i dei to store reformene i kyrkja: Trusopplæringsreforma og gudstenestereforma.

Instruks for misjonrådgjevar er heimla i SMM Møre-avtalen for 2012- 2017. Både den nye avtalet og behov vi har sett gjev grunnlag for gjennomgang og revisjon av instruksen i samarbeid med partane i SMM. Bispedømerådet vil vedta revidert instruks for misjonsrådgjevar i 2013.

Det har i delar av året vore vakanse i misjonsrådgjevarstillinga slik at ikkje alle delar av arbeidet kunne bli følgd opp etter planen.

2.6 Organisering og forvaltning

MÅL	«Bispedømmerådene skal stimulere til økt samarbeid mellom menighetene og mellom de ulike forvaltningsnivåene i kirken.» (KR)
STYRINGS PARAMETER	<ul style="list-style-type: none"> - Funksjonell organisering, kostnadseffektiv forvaltning og brukarorienterte tenester
RESULTAT-	<ul style="list-style-type: none"> - Bispedømekontoret skal har kontor som gjenspeiler den strategi og den profil som Møre bispedømeråd har. - Bispedømekontoret sine tilsette skal gi råd og vegleiing og ha nødvendig kompetanse - Risiko og vesentlegheitsvurderinger som integrert del av verksemda - Gode administrative rutiner og prosedyrer, innkjøpssystem og forsvarleg sakshandsaming. - Funksjonelt arkiv og gode rutinar for sakshandsaming - God økonomistyring - Forutsigbar intern og ekstern møteverksemnd - God informasjonsformidling
RESULTAT- INDIKATORAR	<ul style="list-style-type: none"> - «Bispedømmeårdet må selv vurdere relevante indikatorer som kan belyse dette med styringsparametere» (KR)

a) **Tiltak som er valde for å nå måla**

Møre bispedømekontor fekk «nye» kontorlokale fra 2010 i Romsdalskartalet – sentralt plassert i Molde. Plasseringa ligg til rette for at besøkande kan kome med offentleg kommunikasjon. Kontor, møterom og kapell er på eit plan og gir ei god ramme for dei tilsette og rådsorgan.

Dei tilsette ved bispedømekontoret er organisert i to avdelingar: Kyrkjeliv og Personal/administrasjon med kvar sin avdelingsleiar. Avdelingsleiarane går inn som del av leiargruppa saman med biskop, stiftsdirektør og økonomisjef. Det skal vere fokus på arbeidsmiljøet.

De tilsette har høg kompetanse og yter råd og vegleiing internt og eksternt på kvar sine fagområde.

Risiko og vesentlegheitsvurdering er integrert i mål og resultatstyringa.

Det er utvikla rutiner og prosedyrer innafor fagområda kyrkjeliv, personal, økonomi, tilskott og forvalting.

Det er utvikla rutinar for budsjettering, økonomistyring og rapportering som og skal bidra til minke risiko for økonomisk kriminalitet. Det har vore særleg fokus på elektronisk dokumentflyt og reduksjon i fysiske dokument knytt til refusjonar og godtgjersle.

Møre bispedøme har ein godt fungerande arkivplan og i sakshandsaminga skal like saker bli handsama likt.

Det er utvikla rutinar for planlegging og gjennomføring av møter og aktiviteter i god tid. Bidrar til at møter blir haldne etter plan og få møtekollisjonar eller misstyding om møtetidspunkt.

Det er etablert heimeside og kvar enkelt medarbeidar har ansvar for å sikre at relevant informasjon blir kommunisert. Møre bispedøme si heimeside har hatt mellom 800 – 1100 treff kvar veke. Etter endringar i systemet har det den seinare tida ikkje vore mogleg å gi statistikk.

b) Resultat som tiltaka har ført til

Fagleg og sosialt fellesskap. Synleg og tilgjengelege kontorer. Staben har i 2012 for første gong vore på ein lengre tur. Wien og Budapest var det geografiske målet, sosialt og fagleg for å møte vårt venskapsbispedøme i Ungarn. Det er vore vurdert ei samlokalisering med staben i Molde domkyrkje og Molde kyrjelege fellesråd, men dette er ikkje eit aktuelt tema no. Gjennom delegasjonsreglement er mynde og ansvar tydeleggjort.

Utvikla tverrfagleg arbeidsmetode og auka fokus på tiltak som kan sikre at risiko blir vurdert og nødvendige tiltak gjennomført (sjå kap 5)

Bidrar til å vere forutsjåande i høve til daglege arbeidsprosessar. Mål om god økonomistyring har gitt slike rekneskapsresultat dei siste åra:

Tabell 2.6.1: Rekneskapsresultat i 1000 kr for perioden 2008 - 2012

	2008	2009	2010	2011	2012	Pst. av tild.	Diff. 2008-2012
Møre kap 1590	-11	429	341	350	504	4,6 %	515
Totalt kap 1590	955	2404	2616	4921	4 238	2,9 %	3 966
Møre kap 1591	38	-1364	-1 824	171	457	0,9 %	2 281
Totalt kap 1591	-4561	1397	5389	6 807	9 898	1,1 %	14 459

Tabellen viser regnskapsresultat for Møre kap. 1590/4590 (kykjeleg administrasjon) 1591/4591 (prestetenesta) for åra 2008 til 2012. Kolonne nr. 2 frå høgre viser meir-/mindreforbruk i pst. av tildelte beløp i 2012. Kolonnen helt til høyre angir differansen mellom høgste og lavaste resultat i perioden.

c) Behov for endringar i strategiar og tiltak

- Auka bruk av elektronisk kommunikasjon og fleire kanalar som blir nytta for å vende seg til biskop og bispedømeråd er utfordrande i høve til å gi tilfredsstillande respons. Dette setter krav til framleis utvikling av system for handsaming.
- Vurdere bruk av sosiale media
- Ny gjennomgang av rutinar for økonomistyring ut frå ny instruks for bispedømeråd, oppdatert reglement for økonomistyring i staten og ny kontoplan.

- Kompetanseplan for dei tilsette ved bispedømekontoret
- Auka fokus på helse/miljø/sikkerhet og bedriftshelseteneste

2.7 Lokalt forsøks- og utviklingsarbeid

MÅL	«Bispedømmerådene skal stimulere til økt samarbeid mellom menighetene og mellom de ulike forvaltningsnivåene i kirken.» (KR)
STYRINGS PARAMETER	- Lokalt forsøks- og utviklingsarbeid
RESULTAT- MÅL	- Omfang av forsøks- og utviklingsarbeid
RESULTAT- INDIKATORAR	<ul style="list-style-type: none"> - Tal fellesråd som er med i forsøk eller har etablert samarbeidsområder på tvers av sokne- og kommunegrenser - Tal sokneråd som er med i forsøk med samanslårte sokneråd

a) Tiltak som er valde for å nå måla

Dei organisatoriske strukturane i Møre bispedøme er ofte grunna i geografiske tilhøve som fjordar og fjell, det set rammer for kommunikasjon og transport. Møre er eit ferjefylke, men nye samferdselsløysingar fører til betre kommunikasjon og enklare samvirke.

Dei fleste sokna i Møre er små, målt i kyrkjemedlemer.

Tabell 2.7.1: Medlemstal fordelt på sokn

Medlemer	0-1000	1000-2000	2000-3000	3000-4000	5000-6000	6000 -
Sokn	41 (42%)	26 (27%)	6 (6%)	7 (7%)	6 (6%)	8 (8%)

Vi ser at 75% av alle sokna i Møre har mindre enn 3 000 medlemer. Bagrunnstala fortel at 22 av dei 41 sokna som har under 1 000 medlemer har under 500 medlemer.

Vi erfarer at initiativ frå bispedømenivå utløyser motstand i høve til gamle futedømegrenser eller at det blir "omkamp" knytt til regulering og samanslåing av kommunar på tidleg -60 tal.

Vi har best erfaring frå å understøtte prosessar som er initierte lokalt samt å ta initiativ til samvirke som ikkje utfordrar grensereguleringar. Men det kan gjerne ta lang tid frå idé til resultat.

Nokre endringar kjem utanfrå ved samanslåing av kommunar. Kristiansund/Frei, Aure/Tustna har ført til konsekvensar på fellesrådsnivå. Nokre er initierte innanfrå gjennom demokratireforma: Sokna Halsa/Valsøyfjord, Vågøy/Myrbostad og Eid/Holm er slått saman dei seinare åra.

Tabell 2.7.2: Samanslätte sokneråd

	Sammenslätte sokneråd	Andel sammenslätte sokneråd
Møre	2	2 %

Tabellen viser antallet sokn i bispedømmene som deltar i forsøk med felles menighetsråd for ett eller flere sokn. Tallene er basert på innrapporteringer fra bispedømmene. Kolonnen til høyre angir andelen sokn i bispedømmet som deltar i forsøk med sammenslätte menighetsråd.

Tabell 2.7.3: Interkommunalt kyrkjessamarbeid

	Fellesråd med interkommunalt samarbeid	Andel fellesråd med interkommunalt samarbeid
Møre	7	19 %

Tabellen ovenfor angir antall fellesråd i bispedømmet som deltar i forsøk med eller har etablert samarbeidsområder på tvers av kommunegrensene. Tallene er basert på innrapporteringer fra bispedømmene. Kolonnen til høyre viser andelen av fellesråd i bispedømmene som deltar i interkommunalt kirkjesamarbeid.

Fellesråda i Austre Sunnmøre prosti, med unnatak av Sykkylven, er slått saman til eit fellesrådsområde. Frå 01.01.12 er dei fem fellesråda i Skodje, Ørskog, Stordal, Stranda og Norddal slått saman til Storfjorden fellesråd med til saman 13.500 innbyggjarar. Dette kjem etter eit langvarig samarbeid med tenesteytingsavtalar mellom fellesråda.

Tabell 2.7.4: Gjennomsnittleg tal kyrkjemedlemer pr. sokn og kyrkjeleg fellesråd, 2011

	Sokn	Fellesråd	Medl. pr sokn	Medl. pr fellesråd
Møre	97	36	2 253	6 071
Totalt	1262	421	3 037	9 104

Møre bispedøme er det bispedømet som har nest færrest medlemmer pr sokn med 2 253 og blant dei tre bispedøma med færrest medlemmer pr fellesråd med 6 071. Det er om lag 780 medlemmer pr sokn færre enn snittet for landet og 3 185 medlemmer pr fellesråd enn snittet for landet.

Det er ei utvikling der administrative funksjonar og kyrkjebokføring blir sentralisert i kommunar med mange sokn. Elektronisk føring av kyrkjebøker forsterkar denne utviklinga. Det er eit spenn mellom ønske om lokal tilknyting til kyrkje og prestekontor og ønske om å bruke mindre ressursar på administrative funksjonar. Ingen prestekontor ligg lenger i tenestebustaden.

I Molde domprosti har prosten og kyrkjeverja hatt uformelle møte og samtalar kring eit forsøksprosjekt om ein struktur for felles leiing av prostiet, etter mal for korleis biskop og stiftsdirektør samverkar om leiing på bispedømenivå.

Rutinar mellom kyrkjeverjer og prost på prostinivå bidrar og til auka samvirke.

Det er nok i samband med trusopplæringsreforma vi har sett flest samarbeidsprosjekt, men vi ser og at demokratireforma, gudstenestereforma og fagdagar i prostiet legg til rette for møteplassar på tvers av sokne- og fellesrådgrenser. Vi vonar det på sikt legg til rette for internprosessar.

Det har i 2012 vore gjennomført stiftsdagar for alle kyrkjelege tilsette i Ulsteinvik. Dette bidrar til auka samvirke.

Gudstenestereforma, demokratireforma og prosessar knytte til ny kyrkjeordning skaper arenaer for samvirke og utviklingsprosessar.

Det er etablert avtalar mellom bispedømerådet og dei kyrkjelege fellesråda i Møre om felles arbeidsmiljøutval

b) Resultat som tiltaka har ført til

Frå bispedømekontoret si side er det generelt indirekte arbeid som får konsekvensar for samarbeid mellom sokn og fellesråd. Vi ser og at presten eller prestane sin plass i staben verkar inn på samhandling mellom dei tilsette på sokne- og fellesrådsnivå.

c) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Prestane har prostiet som tenestedistrikt, men i det daglege gjer prestane i hovudsak teneste i eit mindre samarbeidsområde. Det har ved fleire høve blitt reist spørsmål ved om dette er tenleg.

Prestegjeldet er formelt teke ut av kyrkjelova, men strukturane knytte til dette vil framleis vare ved. Bispedømet si oppgåve er å minne om desse endringane samtidig som det går an å peike på moglege tiltak for auka samvirke. Vi ser og at stiftsdagar for alle kyrkjelege tilsette verkar positivt inn.

Vi ser det ikkje som naturleg å gå føre i spørsmålet om struktur på soknenivå, fellesrådsnivå eller prostinivå før ny kyrkjeordning er avklara.

Ei strategisk IKT-satsing med intranett for intern kommunikasjon og samvirke mellom tilsette og rådsorgan på ulike nivå. Heimeside for betre kommunikasjon med kyrkja sine medlemmer og auka bruk av sosiale media.

2.8 IKT

MÅL	«Bispedømmerådene skal stimulere til økt samarbeid mellom menighetene og mellom de ulike forvaltningsnivåene i kirken.» (KR)
STYRINGS PARAMETER	- Nye elektroniske fellesløsninger, jf IKT-strategi for Den norske kirke
RESULTAT- MÅL	- «Bispedømmerådet kan selv ta stilling til om det skal fastsette resultatmål og rapportere på indikatorer under dette delmålet i 2012» (KR)
RESULTAT- INDIKATORAR	- «Bispedømmerådet må selv vurdere relevante indikatorer som kan belyse dette med styringsparametere» (KR)

Ifølge IKT-strategi for Den norske kyrkja skal Kyrkjerådet, bispedømeråda, KA og fellesråda/kyrkjelydane gå saman om å etablere felles IKT-infrastruktur for Den norske kyrkja. Kyrkjerådet har sett i gang arbeid på dette området. Det er ikkje naturleg at bispedømmerådet arbeider med dette før Kyrkjerådet har kome lenger i sitt prosjekt.

Alle prostane har fått tilgang til prostemodulen i det kyrkjelege dataverktyet «Medarbeideren.» Den skal forenkle og kvalitetssikre prostane si administrative styring og forenkle kommunikasjonen på linja prest – prost – biskop. Vi har ein plan om å ta i bruk også ein nyutvikla modul for biskopen i det same systemet.

Møre bispedøme har i 2012 arbeidd med ny versjon av heimesida www.kirken.no/more, som vil vere meir brukarvenleg både for kyrkjelydane, dei tilsette og det alminnelege publikum. Den nye versjonen blir lagt ut i februar 2013.

Som ei teneste for fellesråda har vi ei tid hatt tilbod om å kunngjere ledige fellesrådsstillingar på heimesida vår.

2.9 Demokratiutvikling

MÅL	«Bispedømmerådene skal stimulere til økt samarbeid mellom menighetene og mellom de ulike forvaltningsnivåene i kirken.» (FAD)
STYRINGS PARAMETER	- Demokratiutvikling
RESULTAT- MÅL	- Legge til rette for økt deltagelse og styrking av det kirkelige demokrati
RESULTAT- INDIKATORAR	- Deltaking på soknerådkurs - Lokal medverknad i gudstenestearbeid - Lokal medverknad i kyrkjeordningsprosess - Kyrkjelydar representerte på ungdomsting

a) **Tiltak som er valde for å nå måla**

Innføringskurs for sokneråda: Frå 1. november 2011 tok dei nye sokneråda fatt på arbeidet sitt. Som eit ledd i å styrke det kyrkjelege demokratiet gjennomførte Møre bispedømeråd kurs for alle sokneråd i andre halvdel av november 2011.

Lokal medverknad på utforminga av gudstenestelivet: Det har dei siste to åra vore ein brei prosess med deltaking frå sokneråd, fellesråd, tilsette og soknemøte både for å revidere *gudstenestetalet* i alle sokn og for å fastsette *lokale grunnordningar* for gudstenestene i det einskilde soknet.

Ny kyrkjeordning: Fram mot 1. desember arbeidde sokna med fråsegner om «Kyrkjeordning etter 2013, refleksjonsnotat frå Kyrkjerådet.» I alle prostia tok prostane initiativ til orienterings- og samtalemøte for rådsmedlemmene.

Kompetanseheving for bispedømerådet: Det nye bispedømerådet kom i funksjon frå 1. januar 2012. For å sette det nyvalde bispedømerådet i stand til å fylle sin plass i det kyrkjelege demokratiet, vart det sett av tid i startfasen for å utveksle erfaringar med det førre rådet, til å gjere seg kjend med staben ved bispedømekontoret og til å gje ei innføring om rolle og oppgåver. Det var og sett av tid til særskild informasjon og drøfting før rådet skulle delta på sitt første kyrkjemøte i april.

Ungdomsdemokrati:

Møre bispedøme ønskjer å gje rom for ungdom i den kyrkjelege rådsstrukturen. Vi vil at ungdom skal bli valde inn i sokneråda og vi har etablert eigne «ungdomsorgan.»

Kvar år vert det arrangert *ungdomsting*. Kvar kyrkjelyd og kvar kristen ungdomsorganisasjon på regionalt plan som samarbeider med kyrkja, kan sende to delegatar til ungdomstinget. Ungdomstinget skal vere til inspirasjon for arbeid med ungdom i kyrkjelydane og gi viktige innspel ut frå det ungdom sjølv er opptatt av. Ungdomstinget vel eit *ungdomsråd*. Halvparten av ungdomsrådet blir skifta ut kvart år.

I 2012 evaluerte vi den representative modellen for ungdomsting og ungdomsråd. Vi konkluderte med at den fungerer for årleg etter intensjonane. Av 97 kyrkjelydar var berre 13 representerte på ungdomstinget i 2012.

Møre bispedømeråd hadde i 2012 møte med representantar for ungdomsrådet og utforma nye mandat for både ungdomsting og ungdomsråd. Etter som ungdom identifiserer seg meir med organisasjonslivet enn med kyrkjelyden dei soknar til, har organisasjonane si rolle i ungdomsrådet blitt styrka og den representative modellen tona litt ned utan at det går ut over demokratiet.

Ungdomsrådet vil også bli involvert i tildeling av midlar som vedkjem arbeid med ungdom i kyrkja, og ungdomsrådet skal også bli høyrt i tilsettingssaker der prestestillingar skal ha eit særleg fokus på ungdom.

Ungdomsrådet i Møre har sendt to delegatar til Ungdomens kyrkjemøte 2012. I tillegg tok to bispedømerådsmedlemmer under 30 år del.

Det er ei strukturell utfordring at ungdom (særleg frå små sokn) må flytte heimanfrå for å ta utdanning etter grunnskulen. Då vert det vanskelegare for heimekyrkjelyden å halde kontakten med dei.

b) Resultat som tiltaka har ført til

Tabell 2.9.1: Deltaking ved kurs for nyvalde sokneråd

Tal sokne-råds medlemmer i Møre	Tal (prosent) sokneråds-medlemmer som deltok på kurs	Tal sokneråd i Møre	Tal (prosent) sokneråd som var representerte på kurs
625	467 (75 %)	97	89 (92 %)

Tabell 2.9.2: Kyrkjelydar og ungdomsting

Tal kyrkjelydar som var representerte på ungdomstinget i 2012
13 av 97

c) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Når grunnkursa for nye sokneråd kom så tidleg som november 2011, var det dels for å nå dei så tidleg som mogleg, dels for å vere ferdige før KA gjennomførte sin kursrunde for fellesråda. Vi trur modellen er god, men bør vurdere å ta oppfølgingskurs inn i vår «Fleirårskalender for tverrfagleg kompetanseutvikling.»

Vi har sett at sokneråd der alle medlemene er nye (gjeld ikkje mange) har hatt særskilde utfordringar.

Årsrapport del 3

PRESTETENESTA



Sokneprest Jan Fredrik Laskerud leier prosesjonen

Foto: Møre bispedøme

«Hovedmålet for bevilgningene til prestetjenesten er at alle menigheter i Den norske kirke skal ha fast geistlig betjening, slik at tjenesten er nærværende i alle lokalsamfunn. Prestenes oppgave er å holde gudstjenester og forrette ved kirkelige handlinger, delta i dåps- og konfirmasjonsundervisning, utøve sjelesorg, forestå syke- og hjemmebesøk, og ellers utøve forkynnende og menighetsbyggende arbeid.» (FAD)

3.1 Prestedekning og rekruttering

MÅL	” Bevilgningene til prestetjenesten har som mål at alle menigheter i Den norske kirke skal ha fast geistlig betjening, slik at tjenesten er nærværende i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal være betjent av en eller flere prester.” (FAD)
STYRINGS- PARAMETER	<ul style="list-style-type: none"> - Prestedekning - Rekruttering
RESULTAT- INDIKATORAR	<ul style="list-style-type: none"> - Tal kyrkjemedlemmer pr prestestilling - Tal ledige prestestillingar i bispedømet - Tal nytilsette prestar, ikkje medrekna overgang frå anna stilling - Tal prestar som har slutta i stilling før fylte 67 år, ikkje medrekna overgang til anna prestestilling - Alderssamsetjing

a) Tiltak som er valde for å nå måla

Tabell 3.1.1: Dei mest relevante resultatindikatorane som departementet spesifikt bed om rapport på

Resultatindikator	2010	2011	2012
Kyrkjemedlemmer pr fast prestestilling	2920	2797	2955
Tal ledige prestestillingar i bispedømet *	0	3	2
Tal nytilsette prestar, ikkje medrekna overgang frå anna stilling	3	8	6
Tal prestar som har slutta i stilling før fylte 67 år, ikkje medrekna overgang til anna prestestilling	6	1	3

I 2012 vart det satt i gang ein prosess for å redusere talet på prestestillingar på grunn av reduksjon i dei økonomiske rammene. Grunnbemanninga av kyrkjelydsprestar og prostar har inntil 2012 vore på 78 årsverk (2006 vedtaket). Innanfor denne ramma på 78 stillingar har det vore høve til også å ha prostiprestar eller seniorprestar som gjer teneste som kyrkjelydsprest. Desse prestane går inn i ledige stillingar eller ved lengre sjukepermisjonar. Pr 30.11.2012 var det i praksis 9,3 prestar i tilsvarende 4,3 årsverk som gjorde slik teneste. I tillegg kjem det 1,2 stillingar som fengelsesprest.

Avtalte årsverk og utvikling i årsverk

"Årsverk" er å forstå som alle faste og mellombels prestestillingar som vart løna på teljedatoen den 30.11.2012. Fast tilsette som var ute i sjukefråvere eller andre permisjonar er også med. Pensjonistar som arbeider i stilling på pensjonistvilkår er inkludert og er særleg angitte. Utviklinga ser slik ut:

Tabell 3.1.2: Utvikling i årsverktal

	2008	2009	2010	2011	2012	Endring 2011-2012	Pensjon- istar 2010	Pensjonistar 2011	Pensjon- istar 2012
Møre	79	78	75	78	73	-4	7	13	2,7
Alle bispe- døma	1340	1291	1316	1336	1315	-21	104	159	28,8

"Årsverk faste prestestillingar" blir rekna pr 30.11. og er å forstå som talet på faste prestestillingar, målt i årsverk. Dette omfattar ikkje pensjonistar eller midlertidige tilsette. Utviklinga ser slik ut:

Tabell 3.1.3: Utvikling i faste prestestillingar, målt i årsverk

	2008	2009	2010	2011	2012	Endring 2011-2012
Møre	71	73	68	74	67	-7
Alle bispedøma	1256	1257	1266	1277	1261	-16

Utviklinga i årsverk i Møre viser ein reduksjon på 7 årsverk frå 2011 – 2012. I 2012 er ein igjen på det nivået ein var i 2010. Fleire stillingar blir betent av pensjonistar, og dette seier noko som ressurs- og rekrutteringssituasjonen.

Generell vurdering rekruttering

Møre bispedøme har hatt ein særleg utfordrande rekrutteringssituasjon i fleire år. Dette har endra seg litt det siste året med nesten 6 søkjavar i snitt til kvar stilling. Dette blir underbygd gjennom tabellane under. Tabellen seier likevel ikkje noko om stillingar som for eksempel på Smøla der stillinga ikkje har vore lyst ut i 2012 fordi ho var lyst ut fire gonger i 2010-2011 utan resultat. OVF er no i gang med å byggje ny prestebustad på Hopen som er kommunesenteret på Smøla. Stillinga blir ikkje lyst ut før bustaden står ferdig.

Tabell 3.1.4: Rekrutteringssituasjonen i bispedømet

	Ledige stillingar etter avslutta tilsettingsprosess		Andel utlyst fleire gonger	
	2011	2012	2011	2012
Møre	3	2	25 %	0 %
Alle bispe- døma	31	27	19 %	0 %

Ledige stillingar

Av departementet blir «Ubesatte stillinger i bispedømmet» definert som stillingar det ikkje var tilsett fast prest i, til tross for at stillinga har vore forsøkt utlyst og tilsettingsprosessen er

avslutta. Pr 30.11.12 hadde vi ingen slike stillingar når ein ser vekk frå soknepreststillinga på Smøla som framleis er utan fast prest etter avslutta tilsettjingsprosess i 2011.

Tabell 3.1.5: Utlysingar og tilsettingar i bispedømet i 2011 og 2012

	Utlyste stillingar		Tal på søknader		Søknader pr utlysing		Stillingar utlyste fleire gonger		Tilsettingar	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Møre	8	6	16	35	2	5,8	1	0	10	6
Alle bispedøma	134	119	683	835	5,1	7,0	26	19	112	105

Pr 30.11.2012 har Møre bispedøme 1 ledig stilling etter avslutta tilsettjingsprosess. 6 stillingar har vore utlyste. Ingen av desse har vore lyste ut fleire gonger. I snitt er det 5,8 søknadar pr utlysing i Møre mot 7,0 i snitt for landet. Dette er ei svært god utvikling frå tidlegare år.

Møre bispedøme tilsette 6 prestar i 2012. 4 av desse kom til Møre frå andre kantar av landet, medan 2 av dei kom frå andre stillingar i Møre. 9 prestar har gått ut av prestestilling, av desse 4 med overgang til anna statleg prestestilling. Av desse 4 gjekk 1 over til fast prestestilling i Møre. 3 gjekk av med alderspensjon, 2 gjekk av med avtalefesta pensjon og 1 gjekk av med uførepensjon.

Fleire prosti melder om vanskar med å få dekt behovet for ei forsvarleg presteteneste. Ein vanskeleg vikarsituasjon fører til meir arbeid på dei faste prestane. Dette er kanskje ein av dei største slitasjefaktorane. I tillegg gjev det slitasje på dei faste tilsette når bispedømeråd i sterkegrad held att på bruk av vikarar.

Tabell 3.1.6: Alderssamansetting i presteskapet

	Under 40 år		40-49 år		50 – 59 år		Over 60 år	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Møre	20,5%	20%		19%		33%		29%
Totalt	22%	17%		22%		33%		27%

Gjennomsnittsalderen for prestar i Møre er gjennomsnittleg høg. Talet på prestar som er under 40 år, ligg førebels stabil i forhold til 2011. Tabellen syner elles at nær 2/3 av prestane er 50 år og eldre. 29 % er 60 år eller meir. Det tyder på at vi kan vente oss stor avgang av prestar dei kommande åra. Avgangen kan og verte akselert gjennom bruk av AFP-ordninga. Sidan tabellen dette året er splitta opp i eit trinn ekstra, og skilte på dei eldste er flytta frå 56 til 60 år, er det vanskeleg å samanlikne tala på dei over 40 år med fjordåret.

Tabell 3.1.7: Kostnadsutvikling i bruk av vikarressursar 2003 – 2011 (i 1000 kr)

(NB: Tabellen viser registrerte tal, men sidan mange vikarbehov vert løyste ved intern vikariering, viser tala ikkje dei reelle tilhøva.)

	2008	2009	2010	2011	2012
Ledig stilling	2 112	1 958	1 218	2 524	2 536
Ferie	156	75	12	86	259
Sjukdom	991	317	329	828	1 030
Studiepermisjon	158		37	100	147
Andre fridagar	48	38	13	24	26
Foreldreperm.	308	0	0	71	42
Perm utan løn	1 545	1 461	490	36	7
Sum	5 318	4 338	2 099	3 669	4 047

Prestedekning pr. kyrkjemedlem og sokn

Pr 31.12.12 hadde Den norske kyrkja i Møre bispedøme 218 638 medlemmer.

Medlemsprosenten er på 85,2 %. Møre bispedøme har 97 sokn og det er 112 kyrkjer i alminneleg bruk. I snitt er det 1,24 sokn per prest eller 0,8 prestar per sokn. Møre bispedøme har 5,7 % av alle kyrkjemedlemmer i landet og 5,76 % av alle prestar målt i årsverk. Det faktiske talet på kyrkjemedlemmer pr prest etter tenesteområde varierer sterkt ut frå demografi, historie og ein krevjande geografi.

Tabell 3.1.8: Prestedekning

	Prestar	Kyrkje-medlemmer	Medlemmer pr prest	Endring medl. pr prest 2011/2012	Sokn	Prestar pr sokn
Møre	74	218 638	2 955	158	97	1,3
Alle bispedøma	1 315	3 832 679	2 915	0	1 261	0,95

Det er fleire prestar pr innbyggjar i kommunar med lavt folketal enn i meir folkerike område, frå 900 medlemmer til nærmere 7 200 medlemmer per prest. Geografien i vårt bispedøme er ei stor utfordring for mange prestar med til dels tungvinte og tidkrevjande reiser. Møre og Romsdal er eit ferjefylke med 27 ferjesamband og 4 hurtigbåtsamband.

Variasjonane i prestedekning er og knytt til variasjonen mellom store og ganske mange små sokn, som svarer til frå 3 - 4 sokn pr prest opp til 3 - 4 prestar pr sokn.

I gjennomsnitt blir det halde 14 gudstenester på søndagar og helgedagar pr 1000 medlemmer pr år i Møre. Det blir gjennomført 23 kyrklelege handlingar (dåp, vigslar og gravferder) pr 1000 medlemmer pr år. Også her er variasjonane store frå kommune til kommune.

Utgangspunktet for dei vidare vurderingane er tal frå kyrkjelydsstatistikken knytte opp mot prestetenesta.

Tabell 3.1.9: Utdrag frå kyrkjelydsstatistikken for Møre bispedøme 2008 – 2012

	2008	2009	2010	2011	2012
1. Totalt tal på gudstenester og gudstenestlege møte	4 118	4 085	3 933	3 938	3 715
Deltakarar i 1	430 325	437 609	416 532	430 426	398 290
2. Totalt tal på gudstenester berre søn- og heilagdagar	3 401	3 350	3 219	3 215	3 191
Deltakarar i 2 (Snitt pr gudsteneste)	360 920 (106)	357 704	344 499 (107)	356 446 (111)	342 855
Gravferder	2 349	2 301	2 248	2 202	2 185
Døypte	2 829	2 751	2 621	2 585	2 566
Døypte i % av tal på fødde	100,3	91,9	93,1	89,7	
Vigslar	661	648	605	502	528
Konfirmerte	2 901	2 811	2 848		2 822
Konfirmerte i % av 15 åringar	83,9	82,6	83,4	83,8	

b) Resultat som tiltaka har ført til

Vi vurderer situasjonen slik at det framleis er regelmessige gudstenester i alle kyrkjelydane, og at gravferd, vigsel og dåp blir forretta når medlemmene treng det og vanlegvis innan

rimeleg tid. Tidvis melder prostane at dei har vanskar særleg grunna ledige stillingar og manglande vikarressurs.

Revisjon av gudstenesteforordningane for Møre er på det nærmeste fullført i 2012. Det gjennomsnittlege talet på forordna gudstenester pr prest for søn- og helgedagar er sett til 45 pr år. Dei gamle forordningane hadde 60 forordna gudstenester pr år pr prest.

I Ålesund og Hustad fengsel er det no til saman 1,2 fengselsprestestillingar, 80 % stilling i Hustad fengsel og 40 % stilling i Ålesund fengsel. Frå fengsla si side er det gjeve uttrykk for ønske om meir presteteneste.

Det skjer ei utvikling i kravet til kvalitet, både når det gjeld gjennomføring av gudstenester og oppfølging av individuelle behov knytte til dåp, konfirmasjon, gravferd og vigslar. Gudstenestereforma vil forsterke kravet til kvalitet gjennom auka medverknad. Vi meiner at talet på prestestillingar er for lågt til å møte dei forventningane som både kyrkjemedlemmene og kyrkjeliinga har til kvaliteten i prestetenesta.

c) **Behov for endringar i strategiar og tiltak**

Møre bispedøme har gått inn i ein prosess der ein finn fram til eit stillingsnivå som er forsvarleg i forhold til dei økonomiske rammene. Ein har no rekna seg fram til at ein må redusere utgiftene til prestestillingar tilsvarende 4 heile stillingar for 2012. Med heimel i 2006-vedtaket har bispedømerådet gjort vedtak om at grunnmønsteret for prestetenesta på lengre sikt enn 2012 skal reduserast med tilsvarende 4 stillingar. Reknar ein 78 faste stillingar, vil talet verte 74 stillingar.

I nokre tilfelle blir biskopen beden om å redusere talet på forordna gudstenester på grunn av økonomien i lokalkyrkjelyden. Tidlegare vart det gjort reduksjonar i gudstenestetal for ein periode. No tenkjer biskopen at med ny gudstenesteforordning står gudstenestetalet fast og at eventuelle avvik må meldast som messefall.

Møre bispedøme vil ha ein bevisst rekrutteringspolitikk for å sikre at ein får motiverte og unge prestar. Vegen til presteteneste, studentkontaktar, intervju og innhenting av referansar ved tilsetjingar er viktige element. Det er også viktig for bispedømet å oppnå balanse i alders- og kjønnssamsetjinga for presteskapet.

3.2 Organisering og leiing av prestetenesta

MÅL 1 "Prestetjenesten skal være tilpasset lokale forhold og utfordringer." (FAD)

STYRINGS-PARAMETER - Jamnare tenestefordeling mellom prestane i prostia

RESULTAT- - (Bispedømmene må utvikle resultatmål under delmålet. Resultatmål målet skal være målbart (jf. indikatorer) og kan ev. angi et konkret ambisjonsnivå) FAD

RESULTAT-INDIKATORAR - (Departementet har til hensikt å gjennomføre en evaluering av de sentrale sidene ved prostereformen i løpet av 2012. I tilknytning til evalueringssarbeidet tas det sikte på at det skal utvikles indikatorer som kan benyttes som grunnlag i rapporteringen på disse delmålene.) FAD

a) **Tiltak som er vald for å nå måla**

Møre bispedøme har som mål at det skal vere full bemanning i alle faste prestestillingar og at vikarbehov skal stettast. Ny organisering av prestetenesta har som intensjon å jamne ut fordelinga av ressursar og belastninga for kvar enkelt prest.

Prestane i Møre arbeider i mindre samarbeidsområde innanfor prostiet som eining. Som nemnt i 3.1.a har Møre bispedømeråd gjort vedtak om å sette i gang arbeid med ein stillingsreduksjon av prestetenesta som til saman utgjer 4 stillingar. Administrasjonen har utarbeidd ei ny normering ut frå eit sett parameter slik at ein kan få ei jamnare belastning mellom stillingane. Ein kan no ta til med å fordele dei resterande presteressursane innanfor prostia og samarbeidsområda. Full effekt av målsettinga vil vi ikkje få før i 2013.

Tabell 3.2.1: Fordeling av prestestillingane på stillingskategoriar

	Prost/ domprost		Sokneprest		Kapellan		Prostiprest		Seniorprest		Spesialprest		Totalt	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Møre	6	7	57	51	6	7	1	0	2	3	2	2	74	70
Totalt for landet	99	98	841	829	178	178	74	74	31	33	66	67	1289	1278

Med full bemanning (2012) ville 78 stillingar vere dekte. Etter ny normering (2013) vil full bemanning vere på 74 stillingar. Når statistikken for 2012 viser ei total dekking på 70 prestar, skuldast dette vakansar. Situasjonen i 2012 har gjeve innsparinger tilsvarannde ny normal for 2013 allereie.

Talet på prostiprestar og seniorprestar er samla det same som året før. Møre har dei siste åra overført nokre av dei faste sokneprestane til prostiprest- og seniorprest-status som ein del av bispedømet sin personalpolitikk. Lønsgrunnlaget for desse er basert på at dei til kvar tid dekker opp vakansar og permisjonar.

Tabell 3.2.2: Tal på prestar med spesialisert teneste

	Tal
Møre	2 + 1
Totalt	67

Berre to prestar tilsette av Møre bispedømmeråd er knytte til spesialisert teneste. Desse er tilsette i dei to fengsla. Ein tredje prest arbeider som trusopplærar (jf Etatstatistikk tabell 9.2) Ingen prestar er knytte til diakonale tiltak eller anna område (jf Etatstatistikk tabell 9.2).

b) Resultat som tiltaka har ført til

Frå vurderinga førre året merkar vi oss at dei tradisjonelle arbeidsmønstra er «vonde å vende». Føresetnaden om å jamne ut prestearbeidet vert m.a. hindra av bindingane til ei fordjupa presteteneste. Dette gjeld dei prestane som har hatt høve til å arbeide meir avgrensa i breidde. Desse ser kor svekka prestetenesta kan bli kvalitativt, når dei må auke omfanget i breidda av tenesta. Denne reaksjonen vert dessutan forsterka når bispedømerådet tek bort dei 4 nemnte stillingsressursane.

På motsett held møter ein sterk trøng for å utvide prestetenesta fordi kvantiteten både er for stor i breidde og set sterke grenser for fordjuping i neste omgang.

Når Møre har sett det nødvendig å redusere faktisk presteteneste, vert dette kommentert slik av eit par prostar i deira årsmelding:

«I 2012 har vi vært nødt til å skjære noe ned på prestetjenesten i prostiet på grunn av manglende økonomi. I prosessen med å forordne antall gudstjenester har vi fått redusere gudstjenestetallet..... Men enda mer foruroligende er at det kan ligge an til reduksjon av ytterligere stilling i 2013. Presset på den enkelte prest blir større.... En konsekvens kan også bli at vi må øke størrelsen på samarbeidsområdene for å kunne spre konsekvensene av nedskjæringene i prostiet. Dette vil i neste omgang føre til mindre stabil presteteneste og mindre lokal forankring av den enkelte prest.»

«Det blir lagt opp til at presteressursen i prostiet skal ned 50 %..... Ein reduksjon i prestetenesta fører til ei endå meir flytande presteteneste i samarbeidsområdet, og presteressursen må tilførast frå andre samarbeidsområder. Det medfører at reduksjonen på aktiv presteteneste blir høgare enn 50 % av di det blir meir reisetid i tillegg på prestane.»

Vi er framleis ikkje komne dit at det er fast tilsett prost i alle sju prostia. I eit prosti har vi venta med utlysinga gjennom heile 2012. Delvis er dette knytt til ny ordning for tilsetting og seinare har omsynet til lokale tilhøve spela inn. Biskopen har her sett seg tent med ei langtidsfungering ved ein fast vikar i stillinga.

c) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Vi viser her til problemstillinga som er omtalt om trong for å redusere med til saman fire heile prestestillingar. Vidare vert det som nemnt arbeidd med å jamne ut belastinga mellom prestane. I denne prosessen møter vi stor motstand i dei områda som må gi frå seg presteteneste. Samstundes er underskotet på presteteneste merkbart i nokre ekspansjonsområde i bispedømet. Desse mekanismane sinkar og skaper mykje ekstra arbeid når vi søker å nå dei måla vi har sett oss. Vi ser ikkje heilt korleis vi skal handtere desse problema utan å sette måla igjennom «motstraums».

Vi nemner også vurderinga frå i fjar om å gjere om midlane avsette til administrativ hjelp for prostane og oppgåvene som følgjer med, til delstilling for prestar. To argument er knytte til dette: 1) Arbeidet med reduksjon av 400 % prestestillingar motivert økonomisk- og budsjettmessig 2) Vanskar med å få tilsett tilstrekkeleg kvalifisert sekretærhjelp gjennom fellesrådslinja.

MÅL 2	"Bispedømmerådet og biskopen skal ivareta god ledelse av prestetjenesten og bidra til positivt samvirke mellom prestene, kirkens valgte organer og andre kirkelig tilsatte." (FAD)
STYRINGS- PARAMETER	<ul style="list-style-type: none"> - Styrke prostens rolle som leder av den lokale prestetjenesten - Tettere kollegasamarbeid og økt spesialisering - Lokale forhold og utfordringer
RESULTAT- MÅL	<ul style="list-style-type: none"> - (Bispedømmene må utvikle resultatmål under delmålet. Resultat målet skal være målbart (jf. indikatorer) og kan evt angi et konkret ambisjonsnivå) FAD
RESULTAT- INDIKATORAR	<ul style="list-style-type: none"> - (Departementet har til hensikt å gjennomføre en evaluering av de sentrale sidene ved prostereformen i løpet av 2012. I tilknytning til evalueringssarbeidet tas det sikte på at det skal utvikles indikatorer som kan benyttes som grunnlag i rapporteringen på disse delmålene.) FAD

a) Tiltak som er valde for å nå måla

Biskopen leier prestetenesta gjennom prostane. I Møre er det sju prostar. Prestestillinga i Indre Nordmøre stod ledig frå april, etter at dåverande prost vart utnemnt til prost i Ytre Nordmøre. Etter ny kyrkjeordning skal Møre bispedømmeråd tilsette prost for første gong. Dette blir i Indre Nordmøre. Til saman er det om lag 50 % av den samla prestetenesta som vert nytta til fagleg prostearbeid. Den andre halvparten er nytta til almen presteteneste i ein eller fleire kyrkelydar

Dei seinare åra har bispedømerådet stilt lønsmidlar til disposisjon for sekretærhjelp for prostar tilsvarande 40 % stilling. Midlane er disponerte på ein slik måte at det er fellesråda ved prosteseta som har tilsett prostesekretær som søker bispedømmerådet om refusjon innanfor denne ramma. I eit prosti er prostesekretariatet delt mellom ein prest i 20 % delstilling løna av bispedømerådet direkte, og ein sekretær tilsett av fellesrådet løna i 20 % med refusjon frå bispedømerådet. I eit par prosti manglar ei god sekretærordning.

b) Resultat som tiltaka har ført til

Når det gjeld leiing av prestetenesta generelt, vil vi for 2012 peike på eit par ansvarsområde det er fokusert på i prostane sine årsrapportar til Møre biskop. Prosterapportane gjev eit bilet av korleis leiarskapet er erfart og handtert. Vi peiker her på nokre område sett gjennom einkilde prostar sine auge.

Arbeidet med å skaffe vikarar til vakante stillingar krev mykje av prostane. Ein prost skriv:

«Dei store vakansane har gjort sitt til at leiing av prestetenesta i stor grad har blitt til eit arbeid med å finne måtar å dekke opp for ledighet, samstundes freiste å sjå til at dei som er att på jobb ikkje sleit seg ut. Situasjonen har også kravd stor grad av informasjonsarbeid opp mot stabar, råd og einskildmedlemmer.»

Ein annan prost skriv:

*«Dette året har leiing av prestetenesten meir enn tidligere år bestått i å planlegge - og legge til rette for å dekke opp for de vakansene som har vært.
Eit anna område som skil seg ut er uro over at den faktiske prestedekninga i enkelte område vert redusert.»*

Om kollegasamarbeid og spesialisering i prestetenesta skriv ein prost slik:

«Å nytte prestenes spesialkompetanse systematisk i prostiet som en plan fra prostens side, er ikke gjennomført. Det er ikke satt av penger sentralt til en slik ordning. Uten ekstra midler må ordeningen innebære at noen prester må ta på seg ekstra gudstjenester og kirkelige handlinger. Alternativt må det gå ut over andre menighetsmessige aktiviteter, forkynnerarbeid etc....»

Det går fram av prostearårsrapportane at dei følgjer opp prestane m.a. gjennom eit regelmessig prostilagsarbeid. I den samanhengen vert det også gjeve rom for å arbeide med prosten si særskilte leiing av prestetenesta. Ein prost skriv om leiingsarbeidet «ute i felt»:

«Prosten bruker også tid til å være til stede ved gudstjenester og kirkelige handlinger hvor presten forretter. Dette gir gode muligheter for innspill, råd og vegledning.»

Dette året merkar vi oss særleg trykket på einkildprestar grunna nedskjering i bispedømet sine stillingsrammer. Vi merkar oss også at målet om spesialisert presteteneste heller ikkje let seg gjennomføre. Dernest viser både rapportane og den jamne kontakten med prostane at vakansar og manglande tilgang på vikarar tar mykje merksemd og arbeidstid.

Eit generelt inntrykk frå møte med prostane gjennom året stadfester det vi også kommenterte i fjar: At leiing av prestetenesta er naudsynt og kastar positivt av seg, men at det også er krevjande. Men vi ser også at prostane vert slitne mellom dei administrative gjeremåla og dei pastorale utfordringane. Eit aktivt administrativt leiarskap krev gode administrative kunnskapar og ressursar. Dette gjeld både prosten sjølv og sekretærane. Eit kvalifisert pastoralt leiarskap treng tid til merksemd og samtalar med prestane og fordrar at prostane sjølve kan ta vare på eigen pastoral kompetanse og utvikle denne. I sum ser vi at dette krev langt meir enn den ideelle 50 % prost. Når ein også skal utøve presteteneste som del av kvardagen, merker dei fleste prostane tydeleg at prosteramma er for trøng.

Ordninga med sekretærhjelp for prostane er noko ujamn frå prosti til prosti. Dette skuldas m.a. at det ikkje er like enkelt å finne kvalifiserte personar som fagleg sett kan drifte sekretærarbeidet på ein god måte. Dette fører til stort meirarbeide for den prosten som ikkje får den hjelpa han/ho treng.

I samband med eit nedskjeringsprogrammet som til saman utgjer 4 stillingar i Møre, har ein vurdert om ein skal trekke tilskotsordninga til einskilde fellesrådet tilbake. Bispedømmerådet vil då sjølv kunne nytte midlane ved å tilsette prestar i ein stillingsprosent som sekretær i kombinasjon med ei reduserte prestestilling. Den faglege kvalifikasjonen i sekretärdelen ville då være sikra.

I 2012 har prostane tatt del i eit leiarutviklingskurs i regi av Menighetsfakultet under temaet: «Læringsledelse for proster».

I forbindelse vakansen i Ytre Nordmøre, var domprost Øystein Bjørdal fungerande prost i Ytre Nordmøre prosti inntil Gerd Anne Aarseth vart utnemnt i statsråd og tok til i stillinga 1. april. Prost Svend Klemetsby var fungerande prost i Søre Sunnmøre inntil Ingeborg Matre vart utnemnt i statsråd og tok til i stillinga 1. august. Desse to prostane er dei siste prostane som vart utnemnt i statsråd i Møre.

c) **Behov for endringar i strategiar og tiltak**

Ein gong i året vert prostane invitert til bispedømerådsmøte for å dele sine erfaringar. Dette viser seg å vere fruktbart og denne ordninga vil ein forsette med.

Gjennom ein del år har det vore veklagt at prostane leverer ein gjennomarbeidd årsrapport til biskopen. Årsrapporteringa har ein del år vore knytt opp til «Tjenesteordning for proster.» Dette året har prostane rapportert opp mot dei ulike kapittel i bispedømet si årsmelding. Den årlege samtalet med prosten omfattar no ein medarbeidarsamtale med biskopen åleine og ein styringsdialog med stiftsdirektøren. Prosten sin årsrapport vert då eit viktig grunnlag for refleksjon kring alle sidene ved prosten si personlege teneste og det vidare i arbeidet i prostiet på alle dei nivå som prosten forvaltar.

Ein lyt vurdere korleis ressursane som er avsette til prostesekretærarbeid kan nyttast på best mogeleg måte. Dette må og sjåast i samband med behovet for å skjere ned på dei totale lønsutgiftene på kap. 1591.

Biskopen har tett dialog med prostane, og i 2012 blei det arrangert 10 prostemøte. I tillegg gjennomførte biskopen medarbeidarsamtale med alle prostane. Den administrative ressursen til prostane er svært god med ca. 40 % stilling som sekretær til stort sett alle prostane.

3.3 Arbeidsvilkår og kompetanseutvikling

MÅL 1 "Prestene skal sikres gode arbeidsvilkår." (FAD)

STYRINGS PARAMETER	- Forutsigbar arbeids- og fritid - Redusert sykefravær
RESULTAT-	- (Bispedømmene må utvikle resultatmål under delmålet. Resultatmålet skal være målbart (jf. indikatorer) og kan ev. angi et konkret ambisjonsnivå) FAD
RESULTAT- INDIKATORER	- Snitt tal avtalefesta fridagar pr prest som ikkje er tekne ut - Sjukefråværsprosent for prestane - Tal prestar i bispedømet som har vore med i (kompetansegjevande) etter- og vidareutdanningstilbod

a) **Tiltak som er vald for å nå måla**

Målet er å gjøre prestetenesta i Møre attraktiv slik at rekrutteringa aukar, at prestane er motiverte og kjenner arbeidslust og glede i tenesta dei står i og at prestane gjennomgående ser på prestetenesta som eit livslangt kall.

Følgjande oppstillingar viser situasjonen i Møre på to viktige variablar:

Tabell 3.3.1 Gjennomsnittleg tal på feriedagar som er overførte og fridagar som ikkje er tekne ut pr 30.11.2012

	Feriedagar til gode 30.11			Fridagar som ikkje er tekne ut 30.11.		
	2010	2011	2012	2010	2011	2012
Møre	4,1	3,1	5,4	1,9	1,3	1,7
Snitt for landet	3,2	3,4	2,9	2,7	3,0	3,6

Tabell 3.3.2: Sjukefråversdagar målt i dagar og målt i prosent av virkedagane

	Eigenmeldt		Legemeldt		Totalt		Endring	
	Sjukedagar 2012	Fråverspst 2012	Sjukedagar 2012	Fråverspst 2012	Sjukedagar 2012	Fråverspst 2012	Fråverspst 2011	Endring 2011-2012
Møre	44	0,3 %	1 005	6,5 %	1 048	6,8 %	6,8 %	0,0 %
Alle bispedøma	599	0,2 %	13 374	4,6 %	13 974	4,8 %	4,5 %	0,3 %

Det totale sjukefråveret i Møre i 2012 var 6,8 %, det same som i 2011. Vi har altså ikkje lukkast i å redusere sjukefråveret frå 2011 til 2012. I 2012 ligg vi 2,0 % over landssnittet. I 2011 hadde Møre 2,3 % høgare sjukefråver enn landssnittet. Vi har hatt langtidssjuk-

meldingar som har halde fråversprosenten oppe. I 2010 hadde Møre ein sjukefråversprosent på 3,7 %, då låg vi 0,7 % under landssnittet.

b) Resultat som tiltaka har ført til

Vi ser at talet på feriedagar til gode går opp. Talet på fridagar som ikkje er tekne ut ligg noko meir stabilt. Vi kan ikkje seie sikkert kvifor dette skjer og må følgje med på utviklinga.

Prostane gjev langtidssjukmelde prestar oppfølging i samsvar med IA-avtalen.

c) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Vi melde i 2010 trong for å utarbeide ein personalpolitisk handlingsplan. Vi har dette året heller ikkje hatt kapasitet til å utvikle ein slik plan og må nok vente med dette ei stund enno.

Dette året er det utarbeidd ein ny handlingsplan knytt til fornya IA-avtale. Planen inneheld element som vert nyttig tilfang til å sikre betre helse hjå prestane.

MÅL 2 "Prestene skal stimuleres til å utvikle kunnskaper, ferdigheter, holdninger og motivasjon for tjenesten." (FAD)

**STYRINGS
PARAMETER** - Kompetanseutvikling

**RESULTAT-
MÅL** - (Bispedømmene må utvikle resultatmål under delmålet. Resultat målet skal være målbart (jf. indikatorer) og kan ev. angi et konkret ambisjonsnivå) FAD

**RESULTAT-
INDIKATORAR** - Tal prestar i bispedømet som har vore med i (kompetanse)gjevande etter- og vidareutdanningstilbod

a) Tiltak som er vald for å nå måla

Målloppnåinga er knytt til at prestane kan ha tilgang på kompetanseutvikling. Møre bispedøme sitt kompetanseutviklingsarbeid er organisert gjennom det partsamansette Regionalt etterutdanningsutval, REU. Biskopen er, som øvste leiar for prestetenesta i bispedømet, medlem i utvalet. REU legg strategiar for etterutdanninga og gjer tilrådingar om studiepermisjonar og stipend. Til grunn for arbeidet på dette resultatområdet ligg "Kompetanseutviklingsplan for prestar i Møre bispedøme" (2006).

Tabell 3.3.3: Uttak av studiepermisjonsdagar

År	2008	2009	2010	2011	2012
Dagar studiepermisjon med løn	498	345	719	364	255

Tabell 3.3.4: Tal prestar som har hatt studiepermisjon med løn

År	2008	2009	2010	2011	2012
Tal prestar	16	21	59	20	9

Tabell 3.3.5: Studiepermisjon, gjennomsnitt dagar pr fast tilsett prest

År	2008	2009	2010	2011	2012
Studiepermisjonsdagar pr prest kompetansegevande	5,9	4,3	10,3	4,7	3,8

Tabell 3.3.6: Kurssøknader gjennom REU-systemet

2012			2011-2012	
Søkt	Innvilget	Andel innvilget	Søkt	Innvilget
12	5	42%	5	0

I tillegg til dei studieprosjekta som vert registrert gjennom kompetansekartet og handsama i REU, legg Møre bispedøme til rettes for at prestane kan følgje ulike kortkurs, seminar, retreat mm.

c) **Resultat som tiltaka har ført til**

Det totale talet på studiepermisjonsdagar gjekk ned frå 364 dagar i 2011 til 255 dagar i 2012. Det var 9 prestar som tok ut permisjon. Desse 9 hadde i snitt 28 studiepermisjonsdagar kvar, det viser at dei 9 har hatt lange studieprosjekt.

Sett i forhold til alle prestane i bispedømet, gjev det eit snitt på 3,8 studiepermisjonsdagar pr faste prestestilling. I kompetanseutviklingsplanen har Møre bispedøme sett eit ambisiøst mål for uttak av studiepermisjonsdagar med eit snitt på 8,75 studiedagar pr. prest. Tala viser at vi har langt igjen før dette målet er nådd.

Eit mindre tal prestar søker kvart år om støtte til kortkurs, seminar, retreat mm. Desse søknadene vert vurdert administrativt. Det er sett at midlar i budsjettet til å innfri ein del av desse søknadene. Ein ønskjer på denne måten å komme i møte individuelle behov. Administrasjonen rapporterer til REU. I tillegg vert det lagt opp til opne kursdagar for prestar eller også tverrfaglege dagar mm der ein som arbeidsgjevar ønskjer at alle prestar deltar.

d) **Behov for endringar i strategiar og tiltak**

Vi ønskjer å auke budsjettposten for REU-stipend/permisjonar neste år. Dei låge søkeratala dei siste åra har ført til ei lågare prioritering budsjettmessig enn det kompetanseplanen legg opp til. Ei meir systematisk tilrettelegging av kortare felles kursdagar for prestar krev auke i avsette midlar.

3.4 Kjønnsfordeling i presteskapet

MÅL	"Det skal legges til rette for at flere kvinner søker tjeneste som menighetsprester og innehaver lederstillinger i kirken." (FAD)
STYRINGS PARAMETER	- Kor mange av prestane er kvinner
RESULTAT- MÅL	- (Bispedømmene må utvikle resultatmål under delmålet. Resultat målet skal være målbart (jf. indikatorer) og kan ev. angi et konkret ambisjonsnivå) FAD
RESULTAT- INDIKATORAR	- Kor mange kvinner i faste prestestillingar - Kor mange kvinner i stillingar som biskop og prost

a) **Tiltak som er valde for å nå måla**

Møre bispedøme har som mål å oppnå god fordeling mellom kvinner og menn gjennom rekruttering, fokus på løn og arbeidsvilkår og gjennom å forstå dei særskilde utfordringane kvinner kan oppleve i prestetenesta.

Kvinnedel i presteskapet, 2008-2011

Tabell 3.4.1: Prosentandel kvinnelege prester for perioden 2008 til 2012 i Møre bispedøme og totalt for heile landet

2008		2009		2010		2011		2012	
Kvinner	Total								
9,5%	22,5%	15,1%	22,5%	14,3%	26,2%	16,2%	26,5%	18,6%	27,2%

Tala er rekna ut frå alle prestestillingar pr 30.11.12. Prosentdel kvinner i Møre har gått opp frå 16,2 i 2011 til 18,6 i 2012. Dette er ei auke på 2,4 prosentpoeng. I perioden frå 2008 til 2012 er prosentandelen kvinnelige prestar dobla.

På teljetidspunktet er det tilsett 13 kvinner av i alt 70 faste prestestillingane. Av dei 6 faste prostane er det no 2 kvinner. Dett er ei kvinne mei enn året før. I gruppa "biskop og faste prostar" (1+6=7) er kvinnedelen no 42,9, slik han var det i 2010.

Rekruttering

Tabell 3.4.2: Søknadar og tilsettingar - kvinneandel

	Søknader						Tilsettingar					
	Tal søknader		Av desse frå kvinner		Kvinnedel		Tal tilsettingar		Av desse kvinner		Kvinnedel	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Møre	16	35	4	11	25 %	29%	10	6	3	1	30%	12,5%
SUM	688	835	231	274	34 %	33%	112	105	41	37	37 %	35%

I 2012 hadde Møre 6 tilsetjingssaker. Totalt kom det inn 35 søknadar på faste stillingar, der 11 av søkerne var frå kvinner. Berre ein kvinneleg sokjar vart tilsett. Både tale på søker og talet på kvinnelege sokjarar har gått opp. I tillegg må det nemnast at statsråd utnemnde 2 kvinnelege prostar til Møre i 2012. Etter dette er det i realiteten 3 nytilsette kvinner i 2012.

Fråtreding kvinner og menn, 2010, 2011 og 2012

Fig 3.4.3 Fråtreding kvinner og menn 2010, 2011 og 2012 etter årsak. Alle bispedøma i parentes

	Anna prestestilling	Anna kyrkjeleg stilling	Ikkje kyrkjeleg og anna/ukjend	Alderspensjon og AFP	Sum avgang
Kvinner 2010	(14)	(2)	(7)	2 (3)	2 (26)
Kvinner 2011	2 (10)	(3)	(10)	(6)	2 (29)
Kvinner 2012	1 (10)	0 (3)	0 (10)	1 (6)	1 (29)
Menn 2010	6 (17)	1 (4)	2 (12)	3 (29)	12 (62)
Menn 2011	2 (20)	(7)	(13)	2 (27)	4 (67)
Menn 2012	4 (25)	1 (5)	0 (16)	3 (31)	8 (77)

Tabellen over viser årsakene til fråtreding frå prestestillingar i Møre fordelt på kjønn. I 2012 gjekk 1 kvinne (prost) over i anna prestestilling internt i bispedømmet og 1 kvinne gjekk av med pensjon. 4 menn gjekk over i anna prestestilling, 1 til anna kyrkjeleg stilling, 0 til anna/ukjend stilling og 3 gjekk av med pensjon.

b) Resultat som tiltaka har ført til

Andelen kvinner i prestestilling i Møre nærmar seg no 20 %, dvs. 1 av 5 prestar er kvinner. For 5 år sidan var andelen ikkje større en 10 %, dvs. 1 av 10 prestar. Eitt av prosti har ikkje fast tilsett kvinneprest. Vi ser ikkje nokon særskilt grunn til dette. Kvinner blir no tekne godt imot, sjølv der ein kunne ha venta teologisk motstand.

Møre er av dei bispedøma som tradisjonelt har hatt få kvinnelege prestar og er også blant dei bispedøma med liten vekst i kvinneandelen i perioden 2004 til 2011. For 2012 viser andelen av kvinnelege sokjarar oppgang.

Møre bispedømeråd arbeider aktivt for å oppnå ei balansert alders- og kjønnssamansetjing i presteskapet. I vurderinga av sokjarane vert det sett på som ein fordel at det er kvinner blant sokjarane. Sokjargrunnlaget av kvinner var breiare i 2012 enn året før, og kvinner er tilsett i 1 av 6 tilsettingssaker. Den låge kvinneandelen knytt til tilsetting må ein sjå i samanheng med

kva stillingar som har vore lyst ut og dei føresetnadene ein har lagt til grunn for tilsetting i stillingane. Bispedømerådet søker å tilsette den som er mest eigna til stillinga, men tek også dei vanlege kriteria for tilsetting med i vurderinga, slik som ansiennitet og at kvinner er oppmoda til å søkje m.m. Så langt ser det ut til at dei kvinnene som har etablert seg i Møre, held seg stabile.

I dei seinare utlysingane er det og lagt inn formuleringar om at det vil bli lagt til rette for gode arbeidsforhold for ektepar der begge er i presteteneste.

I etterutdanningspolitikken vår er det lagt inn målsettingar som særleg rettar seg mot kvinner. Møre bispedømeråd har og gjort vedtak om ein livsfasepolitisk plan som skal gjere det mogleg å leggje til rette for at kvinnelege prestar kan bli rekrutterte og bli ståande i presteteneste.

Kvinner i presteteneste i Møre er eit tema i møte med studentar og lærarar i utdanningsinstitusjonane. Det er og laga eit eige hefte som presenterer temaet og som ligg på heimesida vår.

I tillegg til dette er eit eige kvinnekjønnsprestnettverk etablert frå 2011. Dei kvinnelege prestane som tek del i dette gjev tilbakemelding om at dei har stort utbytte av desse samlingane.

c) **Behov for endringar i strategiar og tiltak**

Det er framleis for få kvinner i presteteneste i Møre. Tilgang eller avgang får difor stor innverknad på statistikken vidare. Vi vil halde fast på haldninga og tiltak som er nemnde ovanfor.

Det ser no ut til at Møre si positive haldning til kvinner i presteteneste er meir kjend enn tidligare, både internt i bispedømet og utanfor. Både biskopen og dei to prostane står fram som gode rollemodellar.

Årsrapport del 4

MØRE I 2012 – FRIDYKK I TRE TEMA




Foto: Bjørnsonakademiet

4.1 FYRSTE DYKK

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAPSARBEID

I tida etter 22. juli 2011 vart det klart for alle at Den norske kyrkja har ei viktig rolle i den norske kriseberedskapen. Når det utenkelege vart verkeleg og heile Noreg kjende seg ramma, var det mange som søkte til kyrkjene for å klage, tenne lys, sørge og legge ned blomar i medkjensle med dei som hadde mist sine nærmeste.

Kontakt med etterlatte og omsorg for sørgende høyrer med til kyrkja si kjerneverksemd. Dette er noko av det prestar og diakonar brukar mykje tid på gjennom året. Sorg som ikkje kjem i avis, kan vere minst like tung og svart som den sorga heile Noreg tek del i. Det veit prestar og diakonar godt frå tallause vandringar i sorga sitt golde landskap saman med pårørande.

Sjølv om det er store lokale skilnader, vert kyrkja sine folk både etterspurde og brukte av andre offentlege etatar og verksemder i lokalt krisearbeid i Møre bispedøme. Beredskapsordninga for prestar gjer at politi og helsevesen har klare forventningar til kyrkja med omsyn til formidling av dødsbodskap og samarbeid i oppfølginga etter ulykker og tragiske hendingar. Det vert forventa at tenesta held ein høg fagleg standard.

Etter at kommunane vart pålagde å ha eigne kriseomsorgsgrupper, vert desse gruppene stadig oftare kalla ut ved alvorlege trafikkulykker, sjølvomord og andre plutselige dødsfall. Det er vanleg i kommunane i Møre og Romsdal at lokal prest eller diakon er med i slike grupper, og sjølv om presten ikkje har beredskapsvakt, vert han eller ho gjerne involvert gjennom den kommunale kriseomsorggruppa dersom gruppa først vert sett i funksjon. Nokre få stader i Møre er det til og med presten som er leiar for kriseomsorgsgruppa.

Operasjonssentralane i politidistrikta

Møre og Romsdal er inndelt i to politidistrikt, Nordmøre og Romsdal politidistrikt og Sunnmøre politidistrikt. Ved Sunnmøre politidistrikt sin operasjonssentral i Ålesund er det med åra etablert ein tett og god dialog mellom politiet og dei tre LRS-prestane på Sunnmøre. Dette gode samarbeidet er av stor verdi når det først skjer ei stor ulykke med mange involverte. Men dette gode samarbeidet inneber også at politiet er kjappare til å kontakte kyrkja gjennom LRS-prestane. Terskelen for å kalle inn LRS-prest er dermed vesentlig senka med åra, og LRS-prestane på Sunnmøre vert stadig oftare brukt og innkalla til operasjonssentralen for å ta del i arbeidet retta mot pårørande.

Dialogen og samarbeidet mellom kyrkja sine folk og operasjonssentralen i Kristiansund (Nordmøre og Romsdal politidistrikt) er annleis organisert. Her vert LRS-prestane sjeldan eller aldri kontakta, men operasjonssentralen nyttar kyrkja sine folk til dødsbodskap, med utgangspunkt i prostia sine beredskapslister for vakthavande prest.

Operasjonssentralen i Ålesund seier dei manglar detaljkunnskap om kyrkja sine folk ute i distrikta og treng LRS-presten si hjelp for å involvere dei rette personane når det skjer alvorlige ulykker om natta eller når mange pårørande skal varslast. Den gode dialogen mellom LRS-prestane på Sunnmøre og Operasjonssentralen i Ålesund har bygd ein verdifull relasjon mellom politiet og kyrkja – noko som også vart klart uttrykt frå politiet si side under evalueringa av beredskapsarbeidet etter Fjelltunulykka i 2008 og brannen om bord i hurtigruta Nordlys i 2011.

Dialog og grenser

Den gode dialogen mellom kyrkja og samfunnsinstitusjonane kan nyttast både til effektivt samarbeid og til klargjering av grenser. Det er i "fredstid" den gode dialogen vert etablert, men det er i krisetider ein får testa ut om dialogen har vore god nok. Dette gjeld på alle nivå: mellom biskop og fylkesmann, mellom stabssjef/politisjef og LRS-prestar, og mellom sokneprest/diakon og leiar for kommunale kriseteam. I Møre var det lenge før 22. juli 2011 etablert halvårlege samarbeidsmøte mellom fylkesmann og biskop (med stabar). Dermed gjekk det heller ikkje mange timane etter terrortragedien vart kjend, før det var telefonkontakt mellom biskop Ingeborg Midttømme og fylkesmann Lodve Solholm.

Klare forventningar er oftast lettare å leve med enn dei uklare og diffuse forventningane. Derfor er det nyttig med jamne mellomrom å tydeleggjere og avklare forventningane til kyrkja og til kyrkjeleg personell i det lokale og regionale beredskapsarbeidet. Forventningane må tilpassast dei lokale ressursane, og kyrkja sjølv må vere med å definere kva som er realistisk kva vi kan innfri og ikkje.

Beredskapsplanen for Møre bispedøme er under revisjon, og vil bli lagt fram for bispedømerådet til orientering i løpet av våren 2013. I den nye planen har prostane fått ei meir sentral rolle enn tidlegare, og det er lagt opp til eit tett samarbeid mellom LRS-prestane og prostane.

4.2 ANDRE DYKK

TRUSOPPLÆRINGSREFORM OG GUDSTENESTEREFORM

Dei to store reformene som også dette året har sett sitt preg på bispedømet og heile Den norske kyrkja er trusopplæringsreforma og gudstenestereforma. Det er fruktbart å sjå desse i samanheng. Er det t.d. samanheng mellom utviklinga av trusopplæringa og gudtenestedeltakinga? Har trusopplæringsreforma verknad på utviklinga av gudtenesteformer, gudstenestetider og gudstenestestader? Kva for samanheng er det mellom trusopplæring og gudstenesteutvikling når ein ser på medverknad, arbeidsmetode, tverrfagleg samarbeid med meir?

Vi vil peike på at gudstenestereforma er så ny at den berre så vidt er sett ut i livet. Fleire sokn er ikkje komne i gang. Slik sett er det difor for tidleg å lage analyser. I det følgjande drøftar vi difor mest effekten av *trusopplæring* på gudstenestedeltaking, men reflekterer også noko om gudstenestereforma.

a) Kva samanheng er det mellom utvikling av trusopplæringa og gudstenestedeltakinga?

Tabell 4.2.1 Trusopplæringstiltak og gudstenestedeltaking i Molde, Ålesund og Kristiansund

	2009	2010	2011
Molde (Har trusopplæringsmidlar til mellomfasen)			
Konfirmerte	271	234	284
Deltakere, gudstjenester søn- og helligdag	34 688	32 586	34 228
Antall til nattverd	10 883	10 487	10 571
Babysang/småbarnsang - antall deltagere 0 - 5 år	-	80	140
Lys Våken for 11-åringer, antall deltagere	-	31	76
Ålesund (Har trusopplæringsmidlar til gjennomføringsfasen frå 2009)			
Konfirmerte	436	417	433
Deltakere, gudstjenester søn- og helligdag	49 172	47 333	48 235
Antall til nattverd	13 181	12 748	12 983
Babysang/småbarnsang - antall deltagere 0 - 5 år	-	192	180
Lys Våken for 11-åringer, antall deltagere	-	133	58
Kristiansund (Har trusopplæringsmidlar til gjennomføringsfasen frå 2010)			
Konfirmerte	204	219	218
Deltakere, gudstjenester søn- og helligdag	16 753	18 152	18 656
Antall til nattverd	2 183	2 735	2 694
Babysang/småbarnsang - antall deltagere 0 - 5 år	-	96	117
Lys Våken for 11-åringer, antall deltagere	-	60	64

Folketalet verkar inn på differansen i frammøtetala mellom byane. Konfirmantarbeidet er godt etablert i alle byane og samlar tradisjonelt ein høg prosent av årskulla. Gudstenestedeltakinga og nattverddeltakinga i Molde og Ålesund er i hovudsak stabil. Auken i Kristiansund både til gudsteneste og nattverd er svært gledeleg. Deltakartala til dei relativt nye trusopplæringstiltaka babysang/småbarnsang og Lys Vaken er generelt aukande, men samlar ikkje breidda i årskulla slik som konfirmantarbeidet. Årsakene kan vere at det er tidkrevjande med etablering av ny kyrkjeleg tradisjon og små personalressursar.

I kva grad verkar så desse tiltaka i trusopplæringa inn på gudstenestedeltaking og nattverdgang? Konfirmantarbeidet gir sjeldan ny auke i gudstenesteframmøtet. Generell erfaring tilseier at gudstenester som er tilrettelagde for aldersbestemte grupper er langt meir samlande også i høve til nattverdtal enn vanlege høgmesser. Dette gjeld i særleg grad når born og unge er involverte på ein eller annen måte. Når det gjeld babysang/ småbarnsang er

det vanskelegare å måle gudstenesteframmøtet, då samlingane som oftast ikkje er lagt til gudstenester, men babysang skaper gode kontakter.

I Kristiansund ser ein samanhengen mellom godt fungerande trusopplæringstiltak og auke i gudstenestedeltakinga, men tilgjengeleg statistisk materialet gir ingen sikre haldepunkt for ein slik konklusjon.

Tabell 4.2.2: Deltaking gudstenester, nattverd og trusopplæringstiltak i Kristiansund

	2008	2009	2010	2011
Kristiansund				
Deltakere, gudstjenester søn- og helligdag	17 986	16 753	18 152	18 656
Deltakere, gudstjenester utenom søn- og helligdager	5 632	2 534	4 324	3 403
Antall til nattverd	2 072	2 183	2 735	2 694
Babysang/småbarnsang - antall deltakere 0 - 5 år	-	-	96	117
Antall barn som mottok 4-årsbok	149	137	114	110
Lys Våken for 11-åringar, antall deltakere	-	-	60	64

b) Kva samanheng er det mellom utvikling av trusopplæringa og ulike gudstenesteformer, gudstenestetider og stader?

Gudstenesteformer

I mai 2010 var det møte for dei prostivise gudstenestegruppene leia av prostane i Møre. Møtet sende slik uttale til Kyrkjearådet:

- Born treng ikkje ei forenkla gudsteneste, men ei gudsteneste tilpassa born.
- Vi vil ha ein salmekanon og ein tekstkanon for born, tilpassa ulike alderstrinn. Jf Plan for trusopplæring.
- Vi vil ha rytme på gudstenestefeiringa så borna jamnleg kan samlast rundt ORDET OG BORDET.

Bispemøtet i juni 2010 vedtok si tilråding til Kyrkjemøtet, og i vedtakets siste punkt står: «*Det må utarbeides eksempel på struktur for hovedgudstjeneste med nattverd tilrettelagt for barn.*»

Biskopen i Møre skriv i sitt godkjenningsbrev til sokn som så langt ikkje har levert forslag til lokal grunnordning tilpassa barn og unge: «*I det vidare arbeidet med gudstenestene må det også avklarast korleis andre gudstenester enn høgmesse skal sjå ut og korleis barneperspektivet kan verte ivareteke i gudstenestene.*»

Grunnleggande pedagogiske prinsipp i trusopplæringa prega arbeidet i det nemnde maimøtet i 2010 og uttalen som vart sendt Kyrkjearådet. Møre bispedøme tok i den samanheng på seg eit særskilt oppdrag: «*Arbeidet med tilrettelegging for gudsteneste for barn og unge er så viktig at noko anna må leggast til side.*»

Arbeidet med å utvikle lokale grunnordningar som kan tilpassast aldersbestemte årskull er godt i gang. Tal på innmelde lokale grunnordningar, som legg til rette for born og unge, er 46 av 90. Det er 97 sokn i Møre. Arbeidet med å legge til rette for born og unge i gudstenestelivet må halde fram.

Prostia Indre Romsdal, Nordre Sunnmøre har fått godkjend sine trusopplæringsplanar. Prostia Ytre Nordmøre er i ferd med å få sine godkjende. Indre Nordmøre arbeider med saken. Austre Sunnmøre startar no opp trusopplæringsarbeidet. Molde domprosti og Søre Sunnmøre prosti ventar på tildeling. Eit vesentleg element i dette planarbeidet er tilrette-

legging for barneperspektivet i kyrkjelydens gudstenesteliv. Trusopplæringsplanane gir god oversikt over desse tidsavgrensa breiddetiltaka.

Gudstenestetider og stader

Ved utbygging til fullskaladrift må ein søke å finne den gode balansen mellom forordna gudstenestetal, gudstenestestader, tider og bruken av dei ulike lokale grunnordningane. Forordning av kvardagsgudstenester i alle sokn i Møre er m.a. eit forsøk på å utvide rammene for gudstenestestadar og tider. Nyten av dette vil vise seg når fullskaladrift utfordrar grunnordningane og tidsrammene på sørn- og helgedag. Ei alternativ løysing når fullskaladrift utfordrar grunnordningane på sørn- og helgedag, er å legge gudstenestene for born og unge inn i ein roterande turnus slik at alle årskull får plass på sørn- og helgedag over nokre år.

Gudstenestedeltaking

Gjennom trusopplæringsreforma blir langt fleire enn før invitert direkte og personleg til å delta på utvalde gudstenester. Fleire trusopplæringstiltak startar eller avsluttar med ei gudsteneste der foreldre, familien og fadrar opplever at det er naturleg å delta. Der trusopplæringsarbeidet er etablert, medverkar det til at gudstenestelivet inkluderer fleire fordi fleire breiddetiltak blir gjennomførte enn før.

Denne utviklinga kjem ikkje så godt fram i statistiske tal, som baserer seg på frammøte til gudstenester. Det er vanskeleg å skilje mellom kyrkjegjengarar som trufast går til gudsteneste etter godt etablert tradisjon, dei som reduserer kyrkjegangen fordi dei ønskjer å leve ein meir mobil livsstil og dei som deltek etter invitasjon.

c) **Kva samanheng er det mellom trusopplæring og gudstenestutvikling m.o.t. medverknad, arbeidsmetode, tverrfagleg samarbeid med meir?**

Medverknad

- Born treng ikkje ei forenkla gudsteneste, men ei gudsteneste tilpassa born.
- Medverkande born og unge skaper samkjensle og trusoppleving for både medliturgane og kyrkjelyden.
- Manglante medverknad skaper avstand og framandgjering.

Metode

- Ein salmekanon for barn, ein tekstkanon for barn og ein struktur for hovudgudssteneste for barn med nattverd skal ligge til grunn når ein lokalt skal samhandle mellom trusopplæringa og gudstenestutviklinga
- Det må arbeidast vidare med metodar for involvering og utvikling av medliturgar. I denne samanheng er den pedagogiske kompetansen viktig og gudstenestelivet

Tverrfagleg samarbeid

KL. § 23 pålegg bispedømerådet å ha si merksemd vendt mot alt om kan gjerast for å vække og nære det kristelege liv i kyrkjelydane. I dagens gudstenestearbeid betyr dette eit auka tverrfagleg fokus på det pedagogiske arbeidet som krevst for å gjennomføre gudstenester etter dei intensjonane som ligg i både trusopplæringsplan og lokal grunnordning.

I trusopplæringsarbeidet er det viktig å gi opplæring i gudstenestefeiring slik at døypte born og unge kan ta del i gudstenestelivet med heile seg.

Biskopens godkjenning av lokale trusopplæringsplaner og lokale grunnordningar skal gi både trusopplæringsarbeidet og gudstenestelivet tenlege rammer.

Som arbeidsgjevar for prestane har bispedømerådet difor eit ansvar for å gi fagleg opplæring så reformarbeidet kan utførast i samsvar med målsettingane. Bispedømerådet har, i samarbeid med fellesråda, eit regionalt ansvar for å samle prestar, kantorar, kateketar og diakonar til denne tverrfaglege kompetanseutviklinga.

4.3 TREDJE DYKK

PRESTETENESTA – EI UNDERSØKJING AV ARBEIDSMILJØ

AFI-rapporten

AFI-rapport 17/2012 *Arbeid, helse og engasjement blant ansatte i Den norske kirke* gir saman med *Arbeidsplassundersøkelsen Møre 2012* grunnlag for refleksjon kring psykososiale sider ved prestetenesta i Møre. Her vel vi å gå nærmare inn i nokre av resultata knytt til AFI-rapporten.

AFI-rapporten er basert på ein «innsats-belønnningsmodell» (Johannes Siegrist) med faktoranalyse av 1) «*utfordrende arbeidsforhold*» og 2) «*belønnende arbeidsforhold*», som igjen vert delte i 4 og 5 underformer. For Møre bispedømme viser rapporten desse overordna resultata:

Tabell 4.3.1: Utfordrende arbeidsforhold med henblikk på grad av opplevd belastning

Utfordrende arbeidsforhold med hensyn til grad av opplevd belastning (skala 1-5 for <i>nei</i> → <i>ja</i>)	Møre	Kirken totalt	Kommentar i rapporten
Arbeidskrav	2,55	2,37	Sammenlignet med kirken totalt, har Møre en skåre på samme nivå
Lederuttydelighet	1,67	1,70	Sammenlignet med kirken totalt, har Møre en skåre på samme nivå
Eksternes forventninger	1,49	1,58	Sammenlignet med kirken totalt, har Møre en skåre på samme nivå
Konflikter	2,21	2,24	Sammenlignet med kirken totalt, har Møre en skåre på samme nivå

Tabell 4.3.1 syner tilhøvet mellom grad av utfordring i arbeidstilhøvet med omsyn til ei evt tilsvarende auka kjensle av belastning. Resultatet av målingane i tabell 4.3.1. syner at Møre følgjer kyrkjessnittet. Alle dei fire målingane *arbeidskrav, lederuttydelighet, eksterne forventninger og konflikter* følgjer hver for seg middelverdiene i kyrkja. Vi merkar oss likevel at under formen *arbeidskrav* ligg skåren noko over snittet. Med kunnskap om at høg arbeidsbelastning gir auka risiko for utvikling av dårlig helse må denne faktoren føljast vidare.

Tabell 4.3.2: Belønnende arbeidsforhold forstått som «buffer» mot belastning

Belønnende arbeidsforhold forstått som «buffer» mot belastning (skala 1-5 for <i>ja</i> → <i>nei</i>)	Møre	Kirken totalt	Kommentar i rapporten
Anerkjennelse	1,42	1,44	Sammenlignet med kirken totalt, har Møre en skåre på samme nivå
Karrieremuligheter	1,77	1,82	Sammenlignet med kirken totalt, har Møre en skåre på samme nivå
Jobbsikkerhet	1,71	1,62	Sammenlignet med kirken totalt, har Møre en skåre på samme nivå
Trosfellesskap	1,22	1,40	Sammenlignet med kirken totalt, har Møre en noe lavere skåre
Jobbautonomi	1,43	1,39	Sammenlignet med kirken totalt, har Møre en skåre på samme nivå

Tabell 4.3.2 viser tilhøvet mellom grad av om arbeidstilhøvet løner seg med omsyn til å virke som «buffer» mot ev aukande kjensle av belastning. Resultatet av målingane i tabell 4.3.2 syner at Møre følgjer kyrkjesnittet. Alle dei fem variablane *anerkjennelse, karrieremuligheter, jobbsikkerhet, trosfellesskap og jobbautonomi* følgjer kvar for seg middelverdiane i kyrkja. Vi merkar oss likevel at under forma *trosfellesskap* ligg skåren noko lågare enn snittet. Dette vert også kommentert i undersøkinga. Denne målinga indikerer at trusfelleskapet for prestane veg mykje i Møre. Ser ein nærmare på denne dimensjonen sine målings-spørsmål vert det svara ei utbetinga «ja», slik prosentfordelinga nedanfor viser:

- 92,3 % av prestane opplever å vere «en del av noe større».
- 84,6 % opplever «et trosfellesskap med kolleger»,
- 85,9 % opplever at «jobben er et kall».
- 81,3 % finn at «kirken er viktig for folk».

I dei neste trinna på skalaen under spørsmålet om trosfellesskap vert det svara på om desse verdiane i omvendt tyding eigentleg har nokon verdi for prestane. Det vert då svara «nei» med gradering av evt kjensle av belastning. Dei same spørsmåla har slik skåre i neste trinnet:

- 4,6 % opplever ikkje å vere «en del av noe større», men det belastar ikkje.
- 12,3 % opplever ikkje «et trosfellesskap med kolleger», men det belastar ikkje.
- 10,9 % opplever ikkje at «jobben er et kall», men det belastar ikkje.
- 7,8 % finn ikkje at «kirken er viktig for folk», men det belastar ikkje. Her legg nye 7,8 % svaret til neste trinnet og kjenner at dette er «litt belastande».

Elles i dei vidare trinna, der det vert kvittert ut med gradar av «belastande», er prosentane marginale.

Tala syner at klassiske berande verdiar knytt prestetenesta gjev prestane styrke og er å rekne som berestykke i tenesta. Møre markerer seg altså her noko over snittet i kyrkja elles.

Vidare i undersøkinga vert det gjort måling av *utbrenning* sett i samanheng med *jobbengasjement*.

Knytt til skårer for *utbrenning* henta frå The Copenhagen Burnout Inventory figur 12 syner målingane i Møre at 16,9 % av prestane har indikasjonar på utbrenning eller at dei er i nærleiken. I kyrkja totalt er talet 17,1 %. Møre ligg om lag på snittalet for kyrkja og skil seg ikkje ut. Likevel er det alarmerande at talet ligg så høgt. Utan å kunne talfeste det meiner vi å sjå at at hjå prestar i sjukepermisjon er ein diagnose knytt til utbrenning eller «slitenhet» av dei dominante. Det er og slik at når dette vert ein realitet, er vegen attende til full arbeidsførheit lang og krevjande.

I tabell 10 der m.a «*krevende arbeidsmiljøforhold*» vert sett i samband med utbrenning har Møre eit urovekkande høgt prosenttal under svaret på «belastende høye utfordringer». Her syner målinga for opplevinga av *arbeidskrav* ei skåre på 80,0 % mot 65,6 % i kyrkja totalt. Vi merkar oss talet.


Knytt til skårer for *jobbengasjement* basert på The Utrecht Work Engagement Scale figur 13 får Møre 32,3 % knytt til «høy grad» eller «svært høy grad» av jobbengasjement, mens totalsnittet i kyrkja ligg på 40,8%. Møre ligg med andre ord ein god del lågare. I tabell 11 der m.a «*krevende arbeidsmiljøforhold*» vert sett i samband med jobbengasjement har Møre og eit urovekkande høgt prosenttal under svaret på «belastende høye utfordringer». Her syner

målinga for opplevinga av *arbeidskrav* ei skåre på 40,0 % mot 33,3 % i kyrkja totalt. Vi merkar oss talet.

Prostereforma

I brev om styringssamtale 2012 frå departementet vert det spurt etter refleksjonar kring evalueringsrapporten av prostereforma. Rapporten har ikkje vore tilgjengeleg før årsrapporteringa for Møre er avslutta. Vi kan difor ikkje gjere greie for den her.

Årsrapport del 5
GJENNOMGÅANDE KRAV



Livet i fjæra

Foto: Bjørn Olaf Storhaug

5.1 Rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne

Møre bispedøme har ei grunnhaldning om at vi er opne for å rekruttere personar med nedsett funksjonsevne. Fysisk funksjonshemming er ikkje til hinder for å utøve ei god teneste som prest eller ved bispedømekontoret. Vi har i samband med nyrekruttering gitt uttrykk for dette i nokre utlysingstekstar og vil aktivt vurdere kvar stilling for seg.

Sjølv om det ligg på sida av spørsmålsstillinga, vil vi peike på at rekruttering av frivillige eller ulønna medarbeidarskap er ein viktig del av dei ressursane som Den norske kyrkja har. Den kyrklelege verksemda møter folk med ulik utrusting og mange tar del i aktivitet også når dei for ein periode eller permanent har nedsett funksjonsevne, fysisk eller psykisk. For den enkelte vil det til dømes handle om engasjement, relasjonar og å kunne bruke seg sjølv.

For oss som forvaltingseining er det eit mål å bidra til at personar med nedsett funksjonsevne får tilgang til kyrkjene våre og kan delta og bidra i gudstenester, kyrklelege handlingar og anna kyrkjelydsbyggande arbeid på lik line med funksjonsfriske.

5.2 Auke i tal lærlingar i statsforvaltinga

Som del av den statlege verksemda er Møre bispedøme oppmoda om å vurdere lærlingepllassar. Sjølv om vi i vår verksemde ikkje direkte fell innafor definisjonen av «lærlingeplass», vil vi i denne samanheng gi uttrykk for at vi ønskjer å legge til rette for praksisplassar knytte til prestetenesta og verksemda ved bispedømekontoret. Eit eksempel er programmet for Vegen til presteteneste (VTP) som mellom anna inneholder praksistid under vegleiing i ein eller fleire kyrkjelydar. Vi legg også til rette for at prestar knytte til VTP-programmet i Møre blir særleg prioriterte til sommarvikarteneste, og vi ser effekten av dette ved rekruttering til stillinger.

5.3 Vidarebruk av offentlege data

Møre bispedøme skal gjere rådata tilgjengelege. Informasjonen skal ha verdi for samfunnet og kan nyttast vidare.

Data for Møre bispedøme er i hovudsak å finne via Statistisk sentralbyrå (www.ssb.no NSD) og Norsk samfunnsvitenskaplig datatjeneste (www.nsd.no). Det blir vist til deira heimesider via vår eiga heimeside. Det blir også vist til KIFO.

Møre bispedømeråd og Møre biskop sine kanalar for å gjere tilgjengeleg stoff og materiale om verksemda si elles er i hovudsak:

Møre bispedøme si heimeside, www.kirken.no/more: Her vert det publisert nyhende, opplysingar om arrangement, opplysningar om stillingar, krise- og katastrofeplaner, HMT-dokumentasjon, det er lagt ut bispedømerådsprotokollar, skjemabank m.v. I tillegg ligg lenker til andre aktuelle heimesider som t.d. Den norske kyrkja sentralt der det ligg lovsamlingar, rundskriv og dokumentasjon for kyrkja sine utviklings- og satsingsområde. Formata er i samsvar med referansekatologen og FAD sine føringar på data.norge.no.

Offentleg journal kan på førespurnad leggjast fram til gjennomsyn ved kontoret eller verte tilsendt. Vi er pr. i dag ikkje pålagde å legge ut offentleg journal på nett, jf. § 6.1 i Offentlegforskrifta.

Årsrapporten for bispedømeråd og biskop inneholder informativt materiale både i form av statistikk og i form av utgreningar og vurderinger. Årsrapporten vert gjort tilgjengeleg i elektronisk form.

5.4 Geografisk fordeling av statlege arbeidsplassar

Møre bispedøme skal som gjennomgåande krav i høve til statleg verksemd omtale statistikk over utvikling i talet på arbeidsplassar.

Tabell 5.4.1: Utvikling i årsverktal

	2008	2009	2010	2011	2012	Endring 2011-12	Pensjonistar 2010	Pensjonistar 2011	Pensjonistar 2012
Møre	79	78	75	78	74	-4	7	13	2,7
Alle bispe- døma	1340	1291	1316	1336	1315	-21	104	159	28,8

Vi viser elles til kap. 3.1

5.5 Likestilling

Som offentleg forvaltingsorgan og arbeidsgjevar har biskop og bispedømeråd plikt til å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Dette går fram av Likestillingslova § 1 a, diskrimineringslova § 3 a og diskriminerings- og tilgjengelighetslova § 3. Dei områda som særleg blir vektlagde er at kjønn, nedsett funksjonsevne, etnisitet, religion m.v. er i tråd med lovpålagte krav.

Som følgje av aktivitetsplikta skal biskop og bispedømeråd gjennom årsrapporten gjere greie for kva som er gjort for å oppfylle denne.

Prestar: Likestilling mellom kjønna i arbeidsgjevarrollen:

Tabell 5.5.1 Kjønnsfordeling prestar, fordelt på stillingsgrupper

	Biskop/prost		Sokneprest		Kapellan/ prostiprest		Andre		Totalt		
	Antall	Kvinner	Antall	Kvinner	Antall	Kvinner	Antall	Kvinner	Antall	Kvinner	
Møre	2012	8	38 %	51	14 %	7	43 %	5	20 %	71	20 %
	2011	7	29 %	54	13 %	5	20 %	5	20 %	71	15 %
Totalt	2012	108	26 %	829	25 %	251	38 %	128	32 %	1318	28 %
	2011	108	23 %	837	24 %	251	36 %	124	33 %	1320	27 %

Tabellen gir oversikt over fast tilsette prestar og andelen kvinner i 2012 og 2011 fordelt etter ulike stillingskategoriar. I kategorien andre inngår seniorprestar, spesialprestar og enkelte med andre stillingskodar som er løna under kap. 1591, post 01. Som følgje av at biskopar og andre inngår i grunnlaget er ikkje prosentandelen fullt ut samsvarande med det som er oppgitt i tabell 10.1. Kolonnene til høgre angir kvinneandelen totalt i bispedømet. Dei to nedste radene viser kjønnsfordelinga totalt i presteskapet for alle bispedøme.

Tabell 5.5.2 Prestar: Gjennomsnittleg løn for kvinner i prosent av gjennomsnittleg løn for menn

	Biskop/prost	Sokneprest	Kapellan m.m.	Andre	Totalt
Møre	2012	116 %	97 %	98 %	114 %
	2011	123 %	96 %	96 %	114 %
Totalt	2012	101 %	98 %	99 %	94 %
	2011	103 %	98 %	98 %	95 %

Jf. forklaringar til tabell 13.2.

Møre bispedøme er blant dei bispedøma i landet som historisk har hatt lågast kvinneandel. Frå 2011 til 2012 er andelen kvinner i prestestilling auka med nærmere 5 prosentpoeng og omlag 11 prosentpoeng frå 2008.

Møre ligg framleis lågt (nr 9 av 11 bispedøme), men eit strategisk arbeid har dei seinare åra bidratt i positiv retning. På landsplan har kvinneandelen av prestar auka med 2 prosentpoeng frå 2011 til 2012 og med i overkant 5 prosentpoeng for 2008 til 2012. Utviklinga for kvinner i presteteneste ligg for Møre såleis over utviklinga på landsplan.

Auken i Møre har i hovudsak kome i gruppa for biskop/prostar og i gruppa for kapellananar. Kjønnsforskjellane kan ikkje forklarast ut frå ulike stillingskategoriar.

Lønsforskjellane i dei ulike stillingskategoriane er små og mindre enn i 2011. Lønsforskjellane kan ikkje knytast opp mot kjønnsperspektivet, men meir ut frå alderssamansettinga i presteskapet, til dømes fleire eldre, mannlege sokneprestar i høve til yngre, kvinnelege sokneprestar.

Talet på kvinner som arbeider deltid er lågare i 2012 enn 2011 og er no lågare enn menn som har deltid. Dette kan ikkje forklarast ut frå kjønn, men ut frå individuelle situasjoner.

Tabell 5.5.3 Prestar: Kjønnsfordeling deltid, sjukefravær, foreldrepermisjonar mv

	Deltid		Midlertidig		Legemeldt fråvær		Foreldrepermisjon	
	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%
Møre	2012	7 %	9 %	8 %	10 %	13,9 %	4,8 %	4 %
	2011	18 %	8 %	9 %	14 %	11,5 %	6,5 %	
Totalt	2012	10 %	7 %	15 %	8 %	7,6 %	3,5 %	5 %
	2011	12 %	6 %	14 %	8 %	6,7 %	3,8 %	

Jf. forklaringar til tabell 13.2.

Legemeldt sjukefravær er for kvinner høgare i 2012 enn 2011, medan det er ein reduksjon i sjukefraværet for menn. Ut frå vår kjennskap kan vi ikkje sjå at forskjellane er knytte til eit kjønnsperspektiv. Sjukefraværet blir følgt opp via IA-avtalen.

Deltidsstillingar oppstår normalt ved at prestar i heile stillingar går ned i stilling som følgje av AFP/pensjon. Med unntak av fengselsprestar har Møre bispedøme ikkje oppretta deltidsstillingar.

Bispedømekontoret: Likestilling mellom kjønna

Tabell 5.5.4: Bispedømekontoret, kjønnsfordeling fordelt på stillingsgrupper

	Leiarar		Rådgivarar		Konsulentar		Totalt		
	Tal	Kvinner pst.	Tall	Kvinner pst.	Tal	Kvinner pst.	Tal	Kvinner pst.	
Møre	2012	4	50 %	6	17 %	4	75 %	14	43 %
	2011	4	25 %	6	17 %	4	75 %	14	36 %
Totalt	2012	38	37 %	99	53 %	38	95 %	175	58 %
	2011	37	32 %	90	52 %	39	92 %	166	57 %

Tabellen gir oversikt over talet på faste tilsette og andelen kvinner, fordelt på ulike stillingskategoriar ved bispedømekontoret i 2011 og 2012. Kolonnene til høgre viser totaltalet ved Møre bispedømekontor. Dei to nedste radene viser kjønnsfordelinga totalt for alle bispedømekontora.

Tabell 5.5.5 Bispedømekontoret, Gjennomsnittleg løn for kvinner i prosent av gjennomsnittleg løn for menn

		Leiarar	Rådgivarar	Konsulentar	Totalt
Møre	2012	82 %	91 %	100 %	87 %
	2011	77 %	94 %	101 %	84 %
Totalt	2012	92 %	96 %	97 %	88 %
	2011	92 %	97 %	98 %	88 %

Tabellen viser forholdet mellom brutto gjennomsnittslønn for kvinner i forhold til menn mellom faste tilsette på bispedømekontora i 2011 og 2012. Lågare prosentsats enn 100 pst. viser at gjennomsnittslønna blant kvinner er lågare enn menn, medan over 100 pst. angir ei høgre gjennomsnittslønnblant kvinner.

Tabellen ovanfor viser kjønnsfordeling mellom fast tilsette ved Møre bispedømekontor, samanlika med snittet for heile landet, totalt og for ulike stillingskategoriar.

Det er totalt ein underrepresentasjon av kvinner ved Møre bispedømekontor. Dette er til forskjell frå resten av landet. Kjønnsforskjellen har totalt blitt mindre frå 2011 til 2012. Særleg er forskjellane store i rådgjevargruppa, der det berre er 17 % kvinner. Kolonna til høgre viser gjennomsnittleg løn for kvinner i prosent av gjennomsnittleg løn for menn. Totalt har forskjellen i løn mellom kvinner og menn minka frå 2011 til 2012. Lønsforskjellane er ikkje knytte til kjønn.

I leiinga - stiftsdirektør, avdelingsleiarar og økonomisjef- er det lik representasjon mellom kvinner og menn, betre enn snittet for dei andre bispedøma. Lønsforskjellane er ikke knytte til kjønn.

Rådgivarane er for ein stor del menn. Lønsforskjell mellom kvinner og menn for denne gruppa av tilsette kan sjå ut til å vere i ubalanse, men kan forklaraast ut frå andre faktorar.

For konsulentar er det ein overrepresentasjon av kvinner, men mindre enn for heile landet. Forskjellar når det gjeld løn mellom kvinner og menn kan ikke forklaraast ut frå eit kjønnsperspektiv.

Tabell 5.5.6 Kjønnsfordeling: deltid, sjukefravær, foreldrepermisjonar m.m

	Deltid		Midlertidig		Legemeldt fravær		Foreldrepermisjon	
	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%
Møre	2012	67 %	0 %	0 %	1,8 %	0,7 %	0 %	0 %
	2011	40 %	11 %	25 %	0 %	5,4 %	1,8 %	
Totalt	2012	21 %	12 %	6 %	2 %	4,1 %	4,1 %	3 %
	2011	19 %	14 %	16 %	13 %	9,1 %	5,0 %	

Alle tal er baserte på uttrekk av data fåa lønns- og personalsystemet pr. 30.11 2011 og 2012. Tabellane angir følgjande:

Deltid: Oversikta viser andelen av kvinner og menn i faste stillingar ved bispedømekontoretsom i 2011 og 2012 var tilsette i deltidsstillingar (mindre enn 100 pst. stilling).

Midlertidig: Kolonnene viser andelen av kvinner og menn av alle tilsette som var tilsette i mellombels engasjement eller i vikariat pr 30.11. Også faste tilsette som var ute i permisjon eller sjukefravær inngår i grunnlaget.

Legemeldt fravær: Oversikta viser sjukefraværsprosenten mellom hhv. kvinner og menn i faste stillingar på bispedømekontoret. Prosentsatsen er rekna med utgangspunkt i talet på virkedagar som er rapporterte som legemeldt sjukefravær (heil eller delvis sjukemelding), dividert med talet på normalarbeidsdagar (230 virkedagar) som dei faste stillingane pr. 30.11. vil ha i løpet av eit år. Tilsvarande forklaring gjeld for prestane sitt sjukefravær).

Foreldrepermisjon: Oversikta viser fraværsprosenten blant kvinner og menn i faste stillingar ved bispekontoret som er registrert med foreldrepermisjonar. Fraværsprosenten er her rekna på same grunnlag som for legemeldt sjukefravær. Det vart ikkje innhenta tal eller rapportert på dette i 2011.

Tabellen viser at det er fleire kvinner enn menn som har deltidsstillingar (67 pst. av kvinnene og 0 pst. av mennene). Endringa frå 2011 til 2012 har dels si årsak i at det ved nyrekruttering til deltidsstilling vart tilsett ei kvinne som erstatta ein mann. Dels at det for nokre kvinner er innvilga søknad om reduksjon i stilling.

Det legemelde sjukefråværet er vesentleg redusert frå 2011 til 2012 både for kvinner og menn. Forskjellen i sjukefråvær mellom kvinner og menn kan i liten grad forklara ut frå kjønn.

Vurdering av tiltak knytta til likestilling og løn

A) For prestar

- God informasjon i forkant av rekruttering og møte med studentar om at kvinner er ønska i presteteneste i Møre
- Moderat kjønnsvotering ved tilsetting
- Kompetanseutvikling som ikkje hindrar samkvem med familie
- Utvikling av kvinnennettverk

B) For tilsette ved bispedømekontoret

- Rekruttering av kvinner i rådgivarstillingar
- Framleis bruke dei lønspolitiske retningslinene for bispedømekontoret slik at kjønnsbaserte lønnsforskjellar ikkje er til stades.
- Vurdere praksis ved fleksibel arbeidstid og heimekontor

Vurdering av andre tiltak

Nedsett funksjonsevne

Som arbeidsgjevar ønskjer vi å legge til rette for personar som får nedsett funksjonsevne i sitt arbeid i Møre bispedøme. Vi ønskjer også å rekrutttere personar med nedsett funksjonsevne. Vi må i nokre situasjonar akseptere at ei slik tilrettelegging kan føre til auka sjukefråvær. Fysisk funksjonshemming er ikkje til hinder for å utøve ei god teneste som prest eller ved bispedømekontoret. Vi har gitt uttrykk for dette i nokre utlysingstekstar og vil aktivt vurdere kvar stilling for seg.

For oss som forvaltingseining er det eit mål å bidra til at personar med nedsett funksjonsevne får tilgang til kyrkjene våre og kan delta i gudstenester og kyrklelege handlingar på lik line med funksjonsfriske. Dette er difor tema ved visitasar og når det er naturleg i samband med søknadar om endringar i kyrkjene sitt interiør eller eksteriør.

Etnisitet

- a) Det skal vere høve til at personar med annan etnisitet kan arbeide som prest eller som tilsett ved Møre bispedømekontor. Publikum er vane med bruk av ulike målføre, og vi må legge til rette for at alle våre tilsette utviklar eit akseptabelt nivå for språkføring. Annan etnisitet vil berike fellesskapet, og som misjonerande kyrkje har vi ei open haldning til personar med annan etnisitet.
- b) Som forvaltingsorgan vil vi legge til grunn at menneske med annan etnisk bakgrunn skal integrerast i det norske samfunnet som kyrkja er ei del av.

Religion

Den norske kyrkja har eit særleg ansvar for sine eigne medlemmer, men ønskjer også å vere i dialog med menneske med ein annan religion. Det ligg i Kyrkjelova hinder for at medlemmer av andre kyrkjesamfunn kan ha stillingar i Den norske kyrkja. Biskopen kan etter søknad gjere unnatak, men det skjer ikkje ofte.

Samlivsform

Møre bispedøme gjer i sine utlysingstekstar merksam på unntak i arbeidsmiljølova og at samlivsform i samband med tilsetting kan bli etterspurt og veklagt.

5.6 Evalueringar

Som statleg verksemd skal vi gjennomføre evaluering for å få informasjon om effektivitet, måloppnåing og resultat innanfor heile eller delar av verksemda sitt ansvarsområde.

Det er gjennomført evaluering av den delen av tilskottsforvaltninga som gjeld tilskott til diakoni og undervisning i kyrkjelydane.

Det er og gjennomført arbeidsmiljøundersøking i regi av AFI for alle kyrkjelege tilsette i heile landet. Det er laga eigen delrapport som gjeld for Møre bispedøme.

Det er gjort undersøking og utvikla modell for å sikre ei betre objektiv fordeling av presteressursar i Møre bispedøme.

5.7 Etiske retningsliner og risiko for misleghald

Etiske retningsliner og risiko for misleghald er tema ved introduksjon av nye medarbeidrarar. Vi tar utgangspunkt i dei etiske retningslinene for statstenesta, men også dei etiske retningslinene for prestar som er utvikla av fagorganisasjonane. Vi vurderer om arbeidsgjevar skal gjere dei fagforeningsutvikla etiske retningslinene til del av tilsettingsvilkåra. Det er og utvikla rutinar for å melde avvik og rutinar for varsling av alvorlege tilhøve.

Det er gjort vurderingar av risiko for misleghald og det er gjort tiltak for å redusere risikoen. Mellom anna er det ikkje kontantar i bruk i bispedømerådet si verksemd, og det er utvikla rutinar som sikrar godkjenning ved innkjøp og at ingen kan gjere utbetalingar til seg sjølv.

Ved større innkjøp blir det henta inn pristilbod, skatte- og HMS-attest.

Økonomiregelverket i staten blir følgt. Eventuelle behov for nye eller endra rutinar som følgje av ny økonomi- og verksemdinstruks for bispedømerådet vil bli vurdert.

5.8 Samisk språk

Strategiplan for samisk kyrkjeliv var vedteken på Kyrkjemøtet 2011. Møre bispedøme vil søke råd gjennom Samisk kyrkjeråd eller dei nordlegare bispedøma om det kjem spørsmål som krev samisk kompetanse utover den vi har sjølv. Ut frå den kunnskap vi no har, er det ikkje naturleg for oss å prioritere arbeidet med det samiske i det daglige. Den generelle kompetansen om samisk kultur og språk ser vi som tilstrekkeleg.

5.9 Oppfølging av revisjonsmessige tilhøve

Riksrevisjonen har i brev til bispedømet ikkje vesentlege merknadar til rekneskap og verksemda si gjennomføring av budsjett for 2011.

Riksrevisjonen peikar på fleire positive tilhøve for 2011, men har nokre kommentarar til enkelte element.

Anskaffelsar:

Mangel på anskaffingsprotokoll for eit innkjøp i 2011 utover 100.000,-. Det er for 2012 utvikla ei betre oversikt over reglar og rutinar i samband med større innkjøp. Denne blir gjennomgått i staben og følgt opp av leiinga for å sikre at nødvendig dokumentasjon blir innhenta.

Risiko- og vesentlegheitsvurderinger:

Riksrevisjonen peikar på at det er gjort risiko- og vesentlegheitsvurdering på fleire område, men at det manglar slik vurdering i årsplanen for 2011. Det er gjort tiltak for å implementere risiko- og vesentlegheitsvurderinger også i det ordinære planverket.

Resultatrapportering – måloppnåing:

Riksrevisjonen kommenterer at talopplysningane om kyrkjemedlemmer, dåp, konfirmasjon, vigsler, gravferder m.v. var frå 2010, - sjølv om årsrapporten var for 2011. Det har si forklaring i at 2011-tala vart samla inn av Statistisk Sentralbyrå pr 1. februar 2012 og ikkje var tilgjengelege for bispedøma før 15. mars, altså etter at årsrapporten skulle vere levert. SSB vil framleis ha same årsrytmen, men vi har for 2012 via statistikk-kopiar direkte frå sokna aggregert ein del nøkkeltal sjølve. Det er både tungvint og tidkrevjande, men også bispedømerådet og biskopen er interesserte i ferske tal frå sokna. Kyrkjerådet har i år inngått samarbeid med SSB slik at ein førebels statistikk for 2012 vart klar ca 20. februar. Det er likevel i ein fase då rapporteringsarbeidet omtrent må vere avslutta.

5.10 Risikoanalyser

I Møre har vi auka merksemd på vurdering av risiko i mål og resultatstyringa, jf. pkt 2.4 i regelverket for økonomistyring i staten.

Som del av dette er det utvikla risikovurderingar for:

- Gjennomføring av trusopplæringsreformen
- Gjennomføring av kyrkjevalet
- Gjennomføring av gudstenestereforma
- Vurdering av risiko for økonomisk kriminalitet
- Prosjekt «respons» (tiltak for å sikre respons når folk vender seg til bispedømet)
- Vurdering av risiko for å sikre riktig handsaming av arkivverdige dokument
- Vurdering av risiko i samband med handsaming av forvaltingssaker

Det ligg føre rutinar for melding om avvik og varsling. Det er og utvikla mal for prosjektplanlegging i Møre bispedøme der vurdering av risiko er eit eige punkt.

Det er og utvikla rutinar for å redusere risiko for feil handsaming, til dømes

- Rutinar for journalføring av e-post.
- Rutinar for nytilsette i presteteneste
- Rundskriv og rutinar i samband med tilskott til diakoni- og undervisningsstillingar

Vi ser at biskop og bispedømeråd ved planlegging og gjennomføring av aktivitetar er del av ein større heilskap, og vi ser at det er viktig å ha kunnskap om dei risikovurderingar som er gjorde på sentralt nivå.


Vi legg ikkje ved dei enkelte risikovurderingane, men for å gi inntrykk av korleis vi tenkjer, tar vi med eit døme:

Risikoanalyse for biskopens og bispedømerådets sakshandsaming etter kyrkjelova og gravferdslova

Mål: Legal, konsekvent og rask sakshandsaming etter kyrkjelova og gravferdslova med regelverk

	+	-
Internt	Styrke <ul style="list-style-type: none"> 1 Vi har gjennom tid opparbeidd kompetanse på saksfeltet 2 Det har vore lite skifte av sakshandsamarar 3 Vi har sakshandsamarsystem som gjer det enklare å sikre lik handsaming av like saker 4 Det er innført eit tydeleg delegasjonsreglement som medverkar til raskare sakshandsaming 5 Vi har utvikla beskriving for innhald i søknader om gravplassendring 	Risiko <ul style="list-style-type: none"> 10 Det er ikkje formell juridisk kompetanse i staben 11 Sakene konkurrerer tidsmessig med andre saksfelt, kan gje sein sakshandsaming 12 Det er liten ekstra kapasitet i staben til å overta saker ved behov 13 Det vert gjennomført for få synfaringar (Handlar om tid og økonomi) 14 Vi har ikkje utvikla og gjort kjende innhaltsbeskrivingar for søknader i kyrkjesaker
Eksternt	Styrke <ul style="list-style-type: none"> 6 Lov- og regelverk er oppgradert med verknad frå 01.01.2012 og 01.01.2013 7 Det er tilgang på ekstern fagkompetanse hos departement, Riksantikvar, kyrkjeekspert og gravplassrådgjevar 8 Det er årleg sentrale fagdagar hos Riksantikvaren (mest om kyrkjebygg) 9 Det er tilbod om kompetansegjevande kurs for gravpassektoren 	Risiko <ul style="list-style-type: none"> 15 Det kan ta lang tid å få inn fråsegner vi er pliktige til å innhente 16 Kulturminneforvaltinga har ei kompleks organisering (RA med seksjonar og distriktskontor + fylkeskonservator) 17 Kyrkjerådet har lagt ned stillinga som rådgjevar for kyrkjetekstilar

Vektning av risiko:



Oppfølging av risiko:

Risikoområde	Vekting	Tiltak
Punkt 10	3	Bruk jamt ekstern juridisk kompetanse. Vurder interne kompetansehevande tiltak
Punkt 11	4	Varsle om at saker er mottekne og om forventa handsamingstid. Effektiviser sakshandsaminga
Punkt 12	4	Varsle om at saker er mottekne og om forventa handsamingstid. Planlegg betre vikaransvar i feriar
Punkt 13	6	Prioriter fleire synfaringar, nokre saman med Riksantikvaren og gravplassrådgjevar
Punkt 14	3	Utvikle retningsliner og kunngjér dei på heimesida
Punkt 15	6	Halde kontakt med RA m.v. for å følgje opp. Men vi har liten innverknad på eksterne sin kapasitet
Punkt 16	2	Følgje opp sakene tett. Men vi har liten innverknad på eksterne si organisering
Punkt 17	3	Kyrkjerådet har likevel rådgjevande kompetanse, men den meir «utøvande» funksjonen er ikkje der.

Årsrapport del 6

VEDLEGG




Foto: Bjørn Olaf Storhaug

6.1 Biskopens tenestefunksjonar

Visitasar

24.04.-29.04.	Tingvoll og Straumsnes sokn, Indre Nordmøre
29.05.-03.06.	Aure, Stemshaug og Tustna sokn, Ytre Nordmøre
15.07.	Bjørnsund i Bud sokn, Molde domprosti
25.09.-30.09.	Ålesund og Volsdalen sokn, Nordre Sunnmøre
11.11.-18.11.	Grytten, Kors, Øverdal, Hen, Eid og Holm, Voll og Vågstranda sokn, Indre Romsdal
27.11.-02.12.	Hov, Romfo, Øksendal og Ålvundeid sokn, Indre Nordmøre

Ordinasjon til presteteneste:

28.05.12 i Eide kyrkje, Eide: Ragnhild Annie Fuglseth, f. 19.12.85, til stilling som sokneprest i Eide sokn i Ytre Nordmøre prosti, Møre bispedøme

01.07.12 i Ørsta kyrkje, Ørsta: Kristian Myklebust, f. 13.08.85, til stilling som vernepliktig feltprest i Feltprestkorpset, Oslo bispedøme

Godkjenning av ordinasjon i anna kyrkje

20.07.12 Godkjenning av Knut Larsgård, f. 20.07.48, sin ordinasjon i Bangladesh Northern Evangelical Lutheran Church som grunnlag for presteteneste somvikarprest i Den norske kyrkja

Vigsling til diakon-, kateket- eller kantorteneste

Ingen

Kallsbrev/tenestebrev

Biskopen har gjeve kallsbrev/tenestebrev til dei følgjande vigsla medarbeidarane i 2012:

Magne Bildøy som prest i Molde domprosti og Nordre Sunnmøre prosti med tenestested Sandøy sokn og Fjørtoft sokn

Gerd Anne Aarset som prost i Ytre Nordmøre prosti

Ragnhild Annie Fuglseth som prest i Ytre Nordmøre prosti med tenestested Eide sokn
Sigurd Widvey Haugen som prest i Ytre Nordmøre prosti med tenestested Bremsnes Erik

Blomstrøm som seniorprest i Ytre Nordmøre prosti

Geir Sakseid som prest i Nordre Sunnmøre prosti med tenestested Giske og Vigra sokn
sokn

Ingeborg Matre som prost i Søre Sunnmøre prosti

Tormod Sikkeland som prest i Ytre Nordmøre prosti med tenestested Kristiansund sokn

Thorvald Grønli som prest i Nordre Sunnmøre prosti med tenestested Spjelkavik sokn

Barbro Elin Godø Thomassen som kateket i Sula sokn, Nordre Sunnmøre prosti

Rigmor Dahl som diakon i Nordlandet sokn, Ytre Nordmøre prosti

Fullmakter til leke gudstenesteleiarar

Desse har fått generelle fullmakter til å forrette gudstenester med dåp og nattverd og forrette gravferder i 2012:

Molde domprosti:	Ingen
Søre Sunnmøre prosti:	Leidulv Grimstad, Eldar Husøy, Harald Sætre
Austre Sunnmøre prosti:	May Lisbeth Hovlid Aurdal
Nordre Sunnmøre prosti:	Ingen
Indre Romsdal prosti:	Emilie Böning Benjamins, Jonas Beverfjord, Sigurd Moltubak

Ytre Nordmøre prosti: Gunn Fagerlie Johansen, Karen Flatø, Tommy Stormo
Indre Nordmøre prosti: Mette Boye, Einy Rendal Elgsæther

Kyrkjevigslig

Ingen

Kyrkjejubileum der biskopen tok del

27.05. 200-årsjubileum for Sandøy kyrkje

Prostemøte, medarbeidarsamtalar, sluttksamta

Det er halde 7 prostemøte: 09.-10.02., 29.-30.03., 19.04., 05.06., 06.09. (telefonmøte), 24.-25.10. og 20.-21.11. Prostane var dessutan innkalla til møte med bispedømerådet 29.03., og biskopen var saman med prostane på kurs i læringsleiring på Hydra, Hellas 10.-16.09.

Biskopen har hatt medarbeidarsamtale med alle prostane og sluttksamta med alle prestar som har slutta i tenesta.

Kurs/fagdagar m.m. for kyrkjeleg tilsette i Møre

06.-07.06. Stiftsdag for kyrkjeleg tilsette

Eit utval av andre møte, gudstenester og arrangement som biskopen har teke del i:

- 05.01. Nyttårsmottaking i Molde domkirke
- 12.01. Besøk på Misjonshøgskulen, Stavanger
- 07.03. Møte med Sabeels Venner, Molde domkirke
- 09.04. Innsetjing av ny prost i Ytre Nordmøre, Kristiansund
- 21.-22.04. Rikskyrkjesongfest, Bergen (m.a. gudsteneste og resitering under urframføring i Bergen domkirke)
- 23.04. Møte i forstandarskapet for Menighetsfakultet, Oslo
- 11.05. Nordmøre tingrett (overføring av rettssaka omkring 22. juli 2011)
- 22.05. Møte om Kairos-dokumentet, Molde Rådhus
- 23.05. Foredrag på seminar for landets påtaleansvarlege, Ålesund
- 09.07. Fredsappell ved Stortinget
- 15.07. «Førjazzmesse» i Molde domkirke
- 16.07. Opning av jazzfestivalen, Plassen, Molde
- 24.-27.07. Vennskapsbesøk i Newcastle bispedøme, England
- 20.-24.08. Stabstur til Wien og Budapest
- 26.08. Innsetjing av ny prost i Søre Sunnmøre, Volda
- 30.08. Bjørnsonfestivalen, leiing av programpost i Molde domkirke
- 05.09. Møte med biskop Bernt Eidsvig, Oslo
- 13.10. Foredrag på Menighetsfakultetet, Oslo
- 07.11. Helsing på landsmøte i Politiets Fellesforbund, Molde
- 08.11. Regionalt seminar, Kirkens Nødhjelp, Molde
- 09.11. PUSH-festival/Ungdomsting, Sjøholt
- 10.11. Prisutdeling og økumenisk gudsteneste, Bjørnsonakademiet, Molde
- 11.11. Gudsteneste med besøk av biskop Thomas frå Egypt, Molde domkirke
- 03.12. Møte med sjukehusprestane i Møre, Molde
- 08.12. Møte med leke gudstenesteleiarar og prestar utan fast kyrkjeleg teneste, Molde
- 14.12. Grytevakt for Frelsesarméen, Molde

Bispedømeråd, kyrkjemøte, bispemøte o.a.

Biskopen deltok i alle bispedømerådsmøta, kyrkjemøtet og bispemøta.

På vegner av Bispedømetet sit Møre biskop i styringsgruppa for arbeidsvegleiarutdanning (som leiar) og i den økumeniske styringsgruppa for skaparverk og berekraft.

Biskopen er vald styremedlem i Kirkens Nødhjelp.

6.2 Personendringar i presteskapet

Vi reknar her dei som har byrja eller slutta i stillinga i 2012, uavhengig av tilsetningsår. Berre faste stillingar med løn eller lønsrefusjon over kap 0341 er tekne med. Under ”Ny stilling innan bispedømet” har vi likevel også teke med dei som går til eller frå langvarige vikariat i Møre.

Ny til bispedømet

Ingeborg Matre, frå sokneprest i Nissedal og Treungen, Agder og Telemark bispedøme, til prost i Søre Sunnmøre

Ragnhild Annie Fuglseth, frå menighetspedagog i Sarpsborg, Borg bispedøme, til sokneprest i Eide, Ytre Nordmøre

Geir Sakseid, frå kapellanstilling i Os, Bjørgvin bispedøme, til sokneprest i Giske og Vigra, Nordre Sunnmøre

Sigurd Widvey Haugen, frå studiar ved MF til sokneprest i Bremsnes, Ytre Nordmøre

Ny stilling innan bispedømet

Gerd Anne Aarset, frå prost i Indre Nordmøre til prost i Ytre Nordmøre

Erik Blomstrøm, frå sokneprest i Halsa og Valsøyfjord, Indre Nordmøre, til seniorprest i Ytre Nordmøre

Magne Bildøy, frå sokneprest i Sandøy og Fjørtoft til mellombels stilling som prostiprest i Indre Romsdal

Tormod Sikkeland, frå kapellan i Kristiansund, Ytre Nordmøre, til sokneprest same stad

Thorvald Grønli, frå vikarprest i Spjelkavik, Nordre Sunnmøre, til kapellan same stad

Flytta til prestestilling eller stilling i kristeleg organisasjon i anna bispedøme

Michael Hoffmann, frå sokneprest i Haram til prostesaksbehandlar/rådgivar i Døveprostiet, Oslo bispedøme

Kjell Steinbru, frå sokneprest i Ørskog og Stordal, Austre Sunnmøre, til sokneprest i Evje og Hornnes, Agder og Telemark bispedøme

Bård Egil Boye, frå sokneprest i Øksendal, Indre Nordmøre, til sokneprest i Jørpeland, Stavanger bispedøme

Gått av med alderspension/avtalefesta pensjon/uførepension

Kjetil Frøysa, fung. prost i Søre Sunnmøre

Edel Jonasdatter, prostiprest i Ytre Nordmøre

Inge Chr. von Nyegaard Meidell, vik. sokneprest i Møre bispedøme

Torbjørn Brøske, sokneprest i Kristiansund, Ytre Nordmøre

Harald Nymo, sokneprest i Frei, Ytre Nordmøre

Bjørn Hovde, sokneprest i Nesset, Indre Romsdal

6.3 Personendringar bispedømekontoret

Ny til bispedømekontoret

Christel Nævdal Barlaup, frå ikkje-kyrkjeleg stilling i Agder og Telemark bispedøme til rådgjevar for undervisning

Ny stilling innan bispedømekontoret

Bjørn Rasmussen, frå avdelingsleiar for løns- og personalavdelinga til rådgjevar for personal
Alice Elnes, frå rådgjevar for personal til avdelingsleiar for personal og administrasjon

6.4 Bispedømerådsmøte

Det blei halde 8 bispedømerådsmøte og handsama 85 saker.

6.5 Medlemmer av Møre bispedømeråd, utval mv

Bispedømerådet

- Biskop Ingeborg Midttømme
- Representant valt av prestane: Per Eilert Orten
- Representant valt av dei leke tilsette: Kari Vatne
- Leke representantar: Modulf Aukan (vald leiar), May Lisbeth Hovlid Aurdal (nestleiar),
Marianne Hermann Brekken, Hilde Bergfjord Brunvoll, Eldar Husøy, Målfrid Jakobsen, Ann-Kristin Sørvik

Varamedlemer:

- For biskopen: domprost Øystein Bjørdal
- For prestane: Tormod Remøy
- For dei leke tilsette: Robert Coates
- For dei leke: 1. Karen Flatø, 2. Leif Hovde

Arbeidsutval

Arbeidsutvalet for bispedømerådet er samansett av bispedømerådsleiaren og biskopen med stiftsdirektøren som sekretær. Når den valde leiaren er prestrepresentanten, møter også nestleiar i arbeidsutvalet.

Regionalt etterutdanningsutval (REU)

- Magne Furuseth (PF)
- Lene Gåsvatn (PF)
- Margit Holte (PF)
- Biskopen (arbeidsgjevar)
- Stiftsdirektøren (arbeidsgjevar)
- Bjørn Rasmussen (arbeidsgjevar)

Arbeidsmiljøutval (RAMU)

- Arvid Helle (arbeidstakar, verneombod) (PF)
- Harald Kjell Sunde (arbeidstakar) (PF)
- Magne Furuseth (arbeidstakar) (PF)
- Biskopen (arbeidsgjevar)
- Stiftsdirektøren (arbeidsgjevar)
- Avdelingsleiar for lønns- og personalavdelinga (arbeidsgjevar)
- Sekretær: Tore Johan Øvstebø

Kyrkjeleg arbeidsgjeverforum i Møre (KAF)

- Toril Løseth/Steinar Sætre (kyrkjeverje)
- Ingeborg Nordlund/Toril Nerland (kyrkjeverje)
- Hans Jakob Nes (kyrkjeverje)
- Biskopen
- Stiftsdirektøren (bispedømerådet)
- Leiar for personal- og lønsavdelinga (bispedømerådet)

Kyrkjemusikalsk råd

- Magnus Moksnes Myhre – vara: Dirk Hauenschild
- Steinar Saltnes – vara: Sissel Schiøtt
- Ståle Helvig – vara Bert Handrick
- Sekretær: John Erik Brakstad

SMM Møre

- Ingeborg Midttømme (Møre biskop)
- Signe Hellevik (vara: Knut Bjune) (Møre bispedømeråd)
- Bjørg Myhre NMSU (Det Norske Misjonsselskap)
- Laila Karin T. Helle (Det Norske Misjonsselskap) (leiar)
- Synnøve Risan (Normisjon)
- Gunnar Bergem (Normisjon/ACTA)
- Bjørg Bakke (Den norske Israelsmisjon)
- Brita Kringstad (Den norske Israelsmisjon)
- Kai Bedringås (HimalPartner)
- Bjørn Ødegaard (HimalPartner)
- Håvard Ervik (Misjonsalliansen)
- Marianne Haugerud (Stefanusalliansen),
- Sekretær: Liv Anne Bjerke

Ungdomsrådet i Møre

Frå kyrkjelydane:

- Eirik Næss (vald 2010)
- Ylva Opsvik (vald 2010)
- Britt Mari Rørseth (vald 2010)
- Anna Friheden (vald 2011)
- Sara Åsnes Sagild (vald 2011)
- Linda Helen Slyngstad (vald 2011)

Varamedlemer:

- Sofie Sletteberg (vald 2011)
- Stine Holstad (vald 2011)

Frå organisasjonane:

- Andrine Rabbevåg (vald 2011)
- Markus Bjørlykke (vald 2010)

Frå bispedømerådet/sekretær:

- Christfried Kaul (Rådgjever for ungdom og undervisning)

LRS (lokal redningssentral) – prestar

Sunnmøre politidistrikt

- Knut Bjune
- Arvid Helle
- Reidar Standal

Nordmøre og Romsdal politidistrikt:

- Lars-Ove Skaret
- Petter Dahle
- Signe Hellevik

Fag-etisk personalråd i overgrepssaker

- Advokat Grete Melby Sæter
- Fengselsprest Arne Vigestad
- Psykolog Magnhild Nes Skrede

Kontaktperson for fornærma i overgrepssaker, oppnemnd av biskopen

Marit Skjærseth

Bispedømerådet sine representantar i ulike organ:

Kirkens Nødhjelp, representantskapet:

- Kjetil Frøysa (Vara: Knut Johan Rønningen)

Kirkens SOS Møre og Romsdal, representantskapet:

- Bodil Bryn Kvistad (Vara: Aud Romslo Schistad)

IKO, representantskapet:

- Astrid Ulvestad Øygard

Stiftelsen Åkerlehaugen, styret:

- Anne Kirsti Reiten (Vara: Per Inge Vik)

Regionrådet for KIA Møre og Romsdal:

- Tore Johan Øvstebø (Vara: Sigurd Moltubak)

6.6 Forvaltingssaker etter kyrkjelova og gravferdslova

Etter både kyrkjelova og gravferdslova med forskrifter er det lagt vedtaksmynne til biskop og bispedømeråd for visse saksområde. Enkeltvedtak gjorde av fellesråd eller sokneråd i medhald av gravferdslova eller forskrifta til denne kan bli klaga til bispedømerådet.

Etter kyrkjelova § 18 skal biskopen godkjenne "Anskaffelse og avhendelse av kirkens inventar og utstyr." I 2012 gjorde biskopen vedtak i 11 saker i medhald av denne paragrafen, nesten ei halvering samanlikna med 2011. Fire av sakene gjaldt kyrkjeketstil. Elles var det saker om golvløparar, lydanlegg, stolar, mindre liturgisk utstyr m.v. Det har ikkje vore pågang om godkjenning av «framflytta altar» etter ny gudstenesteliturgi, berre ei sak.

Etter kyrkjelova § 21 har biskopen delegert mynde til "å godkjenne ombygging og utvidelse av kirke og til å tillate bebyggelse nærmere enn 60 meter fra kirke i spredtbygd område." «Ombygging» er eit vidt omgrep i denne samanhengen. I 2012 gjorde biskopen vedtak i 16 saker etter denne paragrafen, ei dobling samanlikna med 2011. I 15 av sakene var kyrkja listeført og Riksantikvaren gav fråsegn. Biskopen følgde Riksantikvaren si rådgjeving i 14 av

desse. Sakene gjaldt orgel, skadeutbetringar, stolar, måling, isolering, glasmåleri, ringeanlegg m.v. Ingen saker var om kyrkjeoppvarming.

Det har ikkje vore saker om dispensasjon i byggesak innanfor 60-metersgrensa.

Tabell 6.6.1: Tal på saker etter kyrkjelova § 18 og § 21 dei fire siste åra:

	2009	2010	2011	2012
Vedtak gjort av biskopen om kyrkjeinventar og utstyr etter KL § 18	19	11	21	11
- av desse tekstsaker	5	3	9	4
Vedtak gjort av biskopen i ombyggingssaker etter KL § 21	22	10	8	16

Etter gravferdslova § 4 m.fl. og etter forskrifta til lova har bispedømerådet mynde til å godkjenne kyrkjegardsutvidingar m.v., til å godkjenne ferdigstilling av kyrkjegard og til å godkjenne vedtekter for kyrkjegard. I 2012 gjorde bispedømerådet vedtak i 10 slike saker, det same som året før. I tillegg var det heile fem saker der bispedømerådet avgjorde klager på enkeltvedtak fatta av fellesråd. Fellesrådet fekk medhald i tre av desse, klagar i to. I saker som gjeld anlegg og vesentlege endringar på kyrkjegard hentar bispedømerådet inn råd frå departementet sin kyrkjegardskonsulent.

Tabell 6.6.2: Tal på saker etter gravferdslova § 4 m.fl. og forskrifta dei fire siste åra:

	2009	2010	2011	2012
Vedtak gjort av bispedømerådet i saker etter gravferdslova	15	3	10	10
Klage på enkeltvedtak i fellesråd	3	3	0	5

Etter kyrkjelova § 16 skal bispedømerådet godkjenne før det kan takast opp lån på vegner av soknet. I 2012 var det to slike saker, mot ingen året før. Bispedømerådet godkjende 1 søknader som gjaldt disponering av kyrkjefond etter kyrkjelova § 19.

Tabell 6.6.3: Tal lånegodkjenningssaker dei fire siste åra:

	2009	2010	2011	2012
Søknader om lånepoptak	4	4	0	2
- av desse godkjende	4	4	0	2

6.7 Tilskotsforvaltning

Møre bispedømeråd har forvaltningsansvar for tre statlege tilskotsordningar:

a) Tilskot til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk

Samla tilskot i 2012 var kr 8 775 000, og heile tildelinga er utbetalt. Midlane har i hovudsak gått til refusjon av lønsutgifter til diakon- og kateketstillingar. Dette året har vi gitt tilskot til 1 kateketstilling og 3 diakonstillingar utan avtale om refusjon. I tillegg har domkyrkja fått eit tilskot til kyrkjemusikalsk arbeid.

Tilskotet er fordelt slik:

Tilskot til 15 diakonar	3 755 000	(42,79 %)
-------------------------	-----------	------------

Tilskot til 10 kateketstillingar	4 685 000	(53,39 %)
Tilskot til 1 kateketstilling utan avtale	30 000	(0,34 %)
Tilskot til 3 diakoniarbeidarstillingar utan avtale	45 000	(0,51 %)
Tilskot til kyrkjemusikalsk verksemd ved domkyrkja	140 000	(1,60 %)
Kompetansefremjande tiltak for diakonar og kateketar	40 000	(0,46 %)
Andre tilskot til diakoni/undervisning	80 000	(0,91 %)

b) Opplysningsvesenets fond

Tilskotssummen var på kr 548 250 til vidare fordeling. Det er Kyrkjerådet som gjer vedtak om kor stort tilskot kvart bispedøme får til vidare fordeling på eigne tiltak og til tiltak i kyrkjelydane.

For tilskotsåret 2012 kom det inn 14 søknader med ein samla søknadssum på kr 899 000. Utbetaling av midlane var som følgjer:

Tilskot til barn og unge	60 000	(10,94 %)
Tilskot til kyrkjemusikk og kultur	135 000	(24,63 %)
Tilskot til diakoni	55 000	(10,03 %)
Tilskot til gudstenesteliv	130 000	(23,71 %)
Tilskot til misjonskonsulent	140 000	(25,54 %)
Kompensasjon administrasjon	28 250	(5,15 %)

Tiltak i regi av Møre bispedømeråd utgjer 30,69 % av tilskotssummen.

c) Tilskot til trusopplæring

Tilskotssummen til Møre var på kr 13 082 000. Tilskota til dei einskilde fellesråda er tildelt i samsvar med retningsliner frå departementet. Ved ein feil har eit fellesråd fått kr 218 000 for mykje utbetal i 2012. Dette blir trekt frå tildelinga i 2013. På grunn av feilutbetinga fekk vi eit underskot på posten på kr 151 000.

6.8 Rekneskapsamandrag for kap 1590 og 1591 2012

1590/4590 Rekneskap 2012

159011	Lønsutgifter	
1590111	Stillingar	6 598 169
1590112	Ekstrahjelp	36 092
1590117	Styrer, utval og råd	121 142
1590118	Trygder og pensjonar	940 107
	Sum lønsutgifter 159011	7 695 510
159012	Andre driftsutgifter	
1590121	Maskiner, inventar og utstyr	81 394
1590122	Forbruksmateriell	69 419
1590123	Reise- og kursutgifter m.m.	969 129
1590124	Kontortenester	403 905
1590125	Konsulenttenester	15 710
1590127	Vedl. og drift av maskiner, transp.	0
1590128	Vedl. hald bygningar	0
1590129	Drift av bygningar og lokaleige	1 325 717
	Sum andre driftsutgifter 159012	2 865 274
15902	Spesielle driftsutgifter	
1590212	Løn og godtgjersle, oppdrag	273 848
1590218	Trygder	18 820
1590222	Varer og tenester, oppdrag	129 910
	Sum 15902	422 578
4590	Inntekter	
459003	Inntekter ved oppdrag	422 625
459002	Ymse inntekter	189 414
459016	Ref. folketrygd: foreldrepengar	0
459018	Ref. folketrygd: sjukdom	120 570
	Sum inntekter 4590 02, 16, 18	309 984
Kyrkjeleg administrasjon 1590 01/4590 01,16,18		
Tildeling		10 755 000
Rekneskap		10 250 800
Resultat		504 200
Spesielle driftsutgifter 1590 02/4590 02		
Tildeling		0
Rekneskap		-47
Resultat		47
Tilskot til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk		
1590 71 16		
Tildeling		8 775 000
Rekneskap		8 775 000
Resultat		0

Tilskot til trusopplæring 1590 75

Tildeling	13 082 000
Rekneskap	13 232 582
Resultat	-150 582

1591/4591 Rekneskap 2012

159111 Lønsutgifter

1591111 Stillingar	43 232 096
1591112 Ekstrahjelp (ABV m.m.)	39 481
1591113 Bistillingar (Mekling)	138 699
1591118 Trygder og pensjonar	5 489 520
Sum lønsutgifter 1591 11	48 899 796

159112 Andre driftsutgifter

1591121 Maskiner, inventar og utstyr	0
1591122 Forbruksmateriell	208 806
1591123 Reise- og kursutgifter m.m.	3 788 809
1591124 Kontortenester	291 431
1591125 Konsulenttenester	994 771
1591127 Vedlikeh/drift maskiner, transp. midler	0
1591129 Drift av bygningar og lokaleige	120 801
Sum andre driftsutgifter 1591 12	5 404 617

4591 Inntekter

459102 Ymse inntekter	446 832
459116 Ref folketrygd: foreldrepengar	35 490
459118 Ref folketrygd: sjukdom	1 634 611
Sum inntekter 4591 01, 15, 16, 18	2 116 933

Presteskapet 1591 01/4591 01,16,18

Tildeling	52 645 000
Rekneskap	52 187 480
Resultat	457 520